



Lite nynorsk i fylka

I språkdeltet fylke er det lite nynorsk å sjå, trass at fleire har språkpolitiske vedtak.

SIDE 18–19



Nynorsk talesynteserøyst

Blinde og svaksynte har fått betre tilgang til nynorsklitteratur gjennom ei ny talesynteserøyst.

SIDE 15



Avmålt glede

– Den nye språklova lever ikkje opp til sin eigen føremålsparagraf, meiner Noregs Mållag.

SIDE 10–14

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2
april 2021

Eit vemodig farvel

Sigrid Dahl har vore stolt berar av 900 år med språkleg kulturarv. Snart er det slutt.

– Det har vore ei ære å få kalle seg lensmann.

Tek vi for lett på brotet med dei språklege banda til fortida?

SIDE 4–7



Når byrå- kratane rår

NT Språklova er her, og nynorsk har fått eit særskilt vern. Men for at gode ting skal skje, treng me noko meir enn lover og reglar. Me treng at dei blir følgde.

NT Og sjølv om me ser stor nynorskvilje blant mange politikarar, er det diverre ikkje grunn til den aller største optimismen på vegner av dei som skal setja nynorskpolitikken ut i livet – byråkratane.

NT Både i stat, fylkeskommune og kommune sit tilsette med svært stor språkleg makt – og verksemda deira blir for sjeldan gått etter i saumane. Jendem skule i Hustadvika i Romsdal går no frå å vera ein nynorskskule til å bli ein bokmålsskule. Det skjer etter årevis med lovbrøt frå kommunen si side, mellom anna har det kome fram at somme elevar har blitt nekta nynorskundervisning – på ein skule der nynorsk er det vedtekne opplæringsmålet. Det sit det ein kommunalsjef og har ansvaret for.

NT Éin ting er byråkratar som ikkje har kontroll. Noko anna er byråkratar som heilt eksplisitt fører sin eigen språkpolitikk. Kommunikasjonssjefen i Innlandet fylkeskommune seier rett ut at han nedprioriterer nynorskarbeidet, og dermed dei politiske vedtaka han er tilsett for å følgja. Fylkesordføraren og -varaordføraren seier dei vil følgja opp saka. Det er berre å bretta opp erma.

NT Det er flott at dei aller fleste partia på Stortinget vil at nynorsk skal ha eit særskilt vern. Men dersom norske byråkratar i stat, fylkeskommune og kommune skal få halda fram med å vera dei reelle språkpolitikarane, blir ikkje føremålsparagrafen i språklova stort viktigare for Noreg enn den neste handlelista di.

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Astrid Marie Grov,
astrid.grov@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Den nye språklova opnar eit nytt kapittel i norsk språkhistorie. For første gong er det lovfesta at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsken. Dette tyder meir favorisering og positiv diskriminering av nynorsken i åra som kjem. Det er berre å spenne setebeltet!

Ny, norsk nyn

STORTINGET VEDTOK FØR påske ei ny, heilskapleg språklov. Dette har Mållaget venta på i over femten år. Lova skal sikre norsk som samfunnsberande språk, og bidra til å verne og fremje samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Ho er såleis viktig for det norske språkmangfaldet.

DET ER MYKJE som kan seiast om det politiske spelet fram til plenumsdebatt og vedtak i Stortinget. Regjeringspartia Høgre, Venstre og KrF blokkerte for eit reelt fleirtal for ei langt meir nynorskvenleg lov. Det er frykteleg skuffande, og det er grunn til å tru at dei to sistnemnde har gjort språkpolitisk knefall for storesyster Høgre. Resultatet blei ei lov som på fleire sentrale punkt ikkje følgjer opp sin eigen føremålsparagraf. Stortinget har såleis skusla bort eit historisk høve til å vedta ei lov som verkeleg er offensiv på nynorsken sine vegner.

NOREGS MÅLLAG ER sterkt kritisk til at Stortinget har svekt kravet om nynorskkompetanse for tilsette i staten. Der mållova slo fast at tilsette i staten plikta å skrive både bokmål og nynorsk, er ansvaret for nynorskkompetansen no plassert hos organet. Eit statsorgan kan i praksis halde seg med eit fåtal tilsette som kan skrive nynorsk. Slik er makta over språkpolitikken flytta frå

NT LEIARTEILEGEN



PEDER LOFNES HAUGE
leiar i Noregs Mållag

nasjonalforsamlinga til den administrative leinga i til dømes Statsbygg. Dette er ei reell svekking av nynorsk i offentleg forvaltning. Ein nynorskvenleg raudgrøn opposisjon stilte seg på vår side, og bør ta omkamp om dei susar inn i regjeringskontora til hausten.

VI HADDE OGSÅ ønskt at fylkeskommunane hadde fått strengare språkreglar, mellom anna at såkalla språknøytrale fylkeskommunar fekk talfesta krav om språkveksling. Slik kunne ein ha sikra at innbyggjarane fekk møte meir nynorsk i bokmålsdominerte kvardagar. Dessutan meiner vi at den nye lova burde fått sanksjonar. Er det ein ting dei siste tiårs røynsle med mållova har vist oss, er det at staten er full av leiarar som gir blaffen i mållovsreglane. Det er ingen grunn til å stole på at dei same leiarane – som no får større ansvar for språklovsreglane – skal følgje reglane utan ris bak spegelen.





Illustrasjon: Kjartan Helleve

orskpolitikk

LIKEVEL: DET VIKTIGASTE med denne lova er det ho har å seie for norsk språkpolitikk i åra som kjem. Når eit samla Storting (med unnatak for Framstegspartiet) lovfestar det offentlege sitt særlege ansvar for å fremje nynorsk – fordi nynorsk er det minst brukte språket – så er det eit viktig steg på veg frå formell til reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål. Det er umogleg å forstå Stortinget sin vilje på ein annan måte enn at ein no vil krevje målretta tiltak for faktisk å fremje nynorsk – fordi det er eit offentlig ansvar å jamne ut det skeive forholdet mellom språka og vege opp for alle dei mindretalsulempene nynorskbrukarane møter. Sjølv vil eg ikkje høyre eitt ord om at slike tiltak er urimelege før det er like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar i Noreg.

DETTE FORPLIKTAR ALLE som sit rundt Kongens bord, både i dag og i framtida. Prinsippet nynorsk, at omsynet til nynorsk skal bli vurdert eksplisitt, må ligge til grunn for all politikktutvikling.

FØRSTE STORE EKSAMEN for regjeringa kjem snart, når dei til sommaren skal leggje fram ei ny opplæringslov. Då må dei omsetje intensjonane i språklova til praksis. Nynorskelevane må få rett til å gå i egne klasser også på ungdomsskulen, og dei må få same rett til og tilgang på digitale læremid-

del som bokmåselevane. Opplæringslova må gje sårbare nynorskelevar ei betre lese- og skriveopplæring og ein enklare skulekvardag. Lukkast ikkje regjeringa med det, går dei mot Stortingets vilje. Det er aldri lurt, og særleg ikkje for ei regjering i mindretal, med ein nynorskvenleg opposisjon som er klar for makt.

*Stortinget har skusla
bort eit historisk høve
til å vedta ei lov som
verkeleg er offensiv
på nynorsken sine
vegner.*

NT SAGT

Har nynorsken ein plass i jussutdanninga?

**Innlegg frå student
Solveig Brunvoll
ved Universitetet i Oslo
i den juridiske avisa Rett24**

I dag har mediebransjen brukt en del dagsverk på den store opphe- tede debatten mellom absolutt ingen og de som forsvarer ordet «nordmann».

@mathiasfischer på Twitter

Om du er kritisk til nynorsk kan du jo berre tenke over kor dumt det hadde vore om han hadde heitt Erling Brøt Håland.

@kvifor20 på Twitter

– Eg kan vel skrive ei sak på nynorsk. Men da skal saka òg handle om nynorsk, og du kan ikkje forvente ei positiv vinkling, fortsette eg.

**NRK-journalist Ragnhild
Laukholt Sandvik
har premissane klare
når ho skal skrive
sitt fyrste stykke på nynorsk**

På nynorsk betyr «høyreekstrem» at man har uvanlig god hørsel.

@ThoralfHagen på Twitter

Jeg lå med kona hans en gang. Hun ville at jeg skulle snakke dirty nynorsk.

Frå serien «Exit» på NRK

Noregs Mållag forventer at nytt strømselskap bruker nynorsk. Ellers vil nok kraftuttrykkene sitte løst.

Sunnmørsposten

Nynorsk er eit skriftspråk, ikkje ein frimurarlosje. Her er ingen opptakskrav. Vil du skriva nynorsk, so gjer du det, og du er akkurat like velkomen som alle andre til å gjera det.

@totlevase på Twitter

Eg trur ikkje eg hadde hatt noko problem med bokmål om vi berre kalla det dansk.

@moddimusikk på Twitter

Vi må ha tillit til at statlege insti- tusjonar følgjer den nye språklova, seier Høgre. Det er det då verkeleg ingen grunn til. Staten er full av leiarar som gir blaffen.

@pederhauge på Twitter

– Skulle berre mangle.

**Nyhenderedaktør Karianne
Solbrække i TV 2 til Framtida.no
om at mediehuset skal byrje
å tillate netttjournalistane sine
å skrive nynorsk**

Den vanskeleg

Farvel **lensmann**, **fylkesmann** og **rådmann**. I likestillingas namn forsvinn gamle stillingstitlar og tek plass i historiebøkene. Går vi for fort fram, eller er det slik det må vere?

VÅREN 2019 VEDTOK Stortinget samrøystes at offentlege stillingstitlar skulle bli kjønnsnøytrale. Endringa inneber i praksis at alle titlar som inneheld *-mann* skal ut. På sjølvaste kvinnedagen i 2020 kunngjorde kultur- og likestillingsminister Abid Raja at regjeringa skulle setje i gang med arbeidet, og no er jobben langt på veg gjort. *Riksmeklingsmannen* var allereie riksmeklar. *Fylkesmannen* har blitt statsforvaltar. *Sysselmannen* blir syssemeister og *rådmannen* har – iallfall stort sett – blitt til kommunedirektør. *Lensmannen* blir snart truleg politiavdelingsleiar.

Sjølv om det byrjar å bli ei stund sidan dei fyrste kvinnene fekk desse posisjonane, har mange av *-mann*stitlane blitt ståande lenge. Det kan forsvarast reint språkleg, for historisk har ordet 'mann' også hatt tydinga 'menneske' i norsk. Dette er slett ikkje noko sjeldsyn i andre språk. Til dømes finn vi den same doble tydinga av 'homme' og 'man' på høvesvis fransk og engelsk.

Men slike historiske utslag av mannssjåvinisme verkar mindre og

mindre nærliggjande di meir likestilt samfunnet vårt blir. Samstundes har vi som eit moderne samfunn ei plikt til å ta vare på fortida vår, og reglane for kva vi gjer med fysiske fortidsminne, er jamt over svært strenge. Tek vi for lett på brotet med den symboltunge språklege kulturarven?

– Ei ære å få vere lensmann

Sigrdahl er lensmann i Midt- og Vest-Telemark. Men snart er tittelen historie, og Dahl og lensmannsskollegaene skal truleg heite *politiavdelingsleiar* i staden. Det synest ho er veldig synd.

– Det har vore ærefullt å få kalle seg lensmann. Eg har opplevd fleire gonger kor nært forhold publikum har hatt til den tittelen, og den krafta og tilliten han representerer. Fleire gonger har folk kome på kontoret for å få snakke med lensmannen, altså meg personleg.

Lensmannen har nesten blitt ein slags institusjon, og det er éin av stillingstitlane som har vore med oss aller lengst. I over 900 år har lensmennene vore både frykta

og elska handhevarar av lov og orden i norske bygdesamfunn, og få offentlege maktpersonar har blitt like mykje omtala i litteraturen som lensmannen.

Dei siste åra har det blitt stadig færre lensmenn, hovudsakleg fordi funksjonen har kome til å dekkje større og større geografiske område. Men det er vedtaket om kjønnsnøytrale titlar som kjem til å setje eit endeleg punktum for lensmannen si tid i Noreg. Dahl seier ho ser argumenta for kjønnsnøytrale titlar, men at ho sjølv ikkje meiner det bør vere avgjerande.

– Eg er ikkje så glad i symbolpolitikk, som eg meiner dette er. Sjølv har eg aldri opplevd det som eit problem å vere kvinneleg lensmann.

Eitt av argumenta for kjønnsnøytrale titlar har vore å auke rekrutteringa blant kvinner. Men lensmannstittelen har ikkje på nokon måte skremt Sigrdahl frå jobben.

– Snarare tvert imot. Eg vil ikkje seie det så sterkt som at tittelen var avgjerande for at eg søkte meg til jobben, men det har verkeleg vore ein positiv del av det.



e kulturarven



Foto av Sigrid Dahl: Telemarksavisa

– Eg har opplevd fleire gonger kor nært forhold publikum har hatt til lensmannstittelen, og den krafta og tilliten han representerer.

Sigrid Dahl,
lensmann i Midt- og Vest-Telemark

Dahl får støtte av kollega Brit Fyksen i Hallingdal, den andre lensmannen som er att i Sør-aust politidistrikt, i at det har vore uproblematisk å vere kvinneleg lensmann.

– Eg har også vore stolt over å vere lensmann. Det er ein tittel som har vore viktig for folk veldig lenge.

Det var Politidirektoratet som fekk i oppgåve å kome opp med avlørsartittelen til lensmann, og valet fall altså på «politiavdelingsleiar». Norsk Tidend har spurt direktoratet om den kulturelle dimensjonen ved lensmannstittelen vart vurdert når direktoratet skulle finne ny tittel. Til det svarar seksjonssjef i arbeidsrettsseksjonen Frode Aarum i ein e-post at direktoratet har bede om framlegg til nytt namn i etaten,

og at det ikkje kom framlegg som på ein betre måte tok vare på den kulturelle dimensjonen ved tittelen enn *politiavdelingsleiar*.

Framleis rådmann

Rådmann var i mange år tittelen på den øvste administrative leiaren i norske kommunar. Tittelen har ikkje på langt nær like lang tradisjon som lensmann, og han har fyrst dei siste 100 år blitt bruka om denne funksjonen. Likevel har rådmannstittelen blitt godt innarbeidd i den norske allmenta i dei åra han har eksistert.

Men rådmenn har vi snart ikkje fleire av. Allereie med den reviderte kommunelova av 2018 fekk kommunane ei sterk oppmoding om å byte ut rådmannstittelen med nyvinninga *kommunedirektør*. Stemninga ➔

MANNSTUNG: På landsmøtet i Norges Lensmannslag i 1962 var det ingen kvinnelege lensmenn å sjå. Den fyrste skulle bli Anne Katrine Rambøl, tilsett i Ballangen i 1989.

Foto: Justismuseet





GLAD FOR ENDRINGA: Ann-Kristin Olsen ønske seg kjønnsnøytral yrkestittel både då ho var sysselmann og fylkesmann.

Foto: Jan Arve Olsen / Universitetet i Agder

– La ein skugge over yrkeslivet

Ann-Kristin Olsen har vore både sysselmann og fylkesmann. Ho vart aldri komfortabel med titlane, men meiner ein bør leggje arbeid i nye.

SOM SYSSELMANN PÅ Svalbard frå 1995 til 1998 og fylkesmann i Vest-Agder frå 1998 til 2015 veit Ann-Kristin Olsen mykje om å bli kalla for «-mann». Faktisk så mykje at ho i fleire år heldt eit kåseri som heitte «Mitt liv som mann». Ho var òg i si tid den fyrste kvinnelege politimeisteren i landet og har lang erfaring med å vere kvinneleg pioner i mannsdominerte miljø. Olsen skulle helst sett at titlane også følgde med i utviklinga.

– Sjølv om eg vande meg til det, vil eg seie titlane la ein skugge over yrkeslivet. Eg ønske meg kjønnsnøytral tittel i alle år.

Eg spurde folk rundt meg om dei hadde framlegg til gode avløyssarar, men alle syntest det var vanskeleg å finne.

Ho seier tittelen fekk følgjer for korleis embetsleiaren vart omtala.

– Eg opplevde at titlane påverka pronomenbruken. Om nokon i eit møte til dømes sa at fylkesmannen måtte gå på tilsyn, var det alltid han som skulle gjere det. Eg sa fleire gonger ifrå om at eg faktisk er ikkje er *han*, men *ho*. Det var ikkje så hyggjeleg.

Ann-Kristin Olsen er glad for at stillingstitlar no skal bli kjønnsnøytrale, og er godt nøgd med avløyssarane på titlane i embeta ho sjølv har hatt.

– Eg synest både sysselmeister og statsforvaltar er gode titlar, som eg gjerne kunne kalla meg. Men eg skjønner reaksjonane på *politiavdelingslei*ar for lensmann. Det er ein stussleg avløyssar for ein tradisjonsrik tittel.



SNART HISTORIE: Den siste sysselmannen på Svalbard skulle bli ei kvinne, Kjerstin Askholt. Når arvtakar Lars Fause tek til 1. juli 2021, blir han sysselmeister. Dermed har den nesten 1000 år gamle sysselmannstittelen fått ny ham.

Foto: Lise Åserud / NTB

➔ blant dei lokalt folkevalde var heller lunken. I ei undersøking frå Kommunal Rapport tidleg i 2018 svara vel halvparten av kommunepolitikarane at dei ikkje støtta den nye tittelen.

Likevel har dei fleste kommunane vedteke å følgje oppmodinga frå regjeringa. Men ikkje absolutt alle. Blant dei er Kvam i Hardanger, der heradsstyret vedtok å halde på rådmannstittelen tidleg i 2020.

– Det var eit klart fleirtal for å halde på rådmann. Eitt av argumenta var at Kvam ikkje er kommune, men herad. Dermed blir kommunedirektør problematisk for oss. I tillegg delte ikkje heradsstyret oppfatninga om at rådmann treng å vere ei nemning berre for ein mann, fortel ordførar Torgeir Næss (Ap).

Næss presiserer at han sjølv ikkje hørte til fleirtalet, og røysta for *kommunedirektør* av omsyn til kjønnsnøytralitet. Likevel ser han klart argumenta imot.

– I eit målreisingsperspektiv handlar jo dette òg om å byte ut eit norsk ord med eit med fransk/latinsk opphav. Så personleg synest eg heller ikkje kommunedirektør er noka heldig nemning.

– *Synest du ikkje heradsstyret er litt uskikkelege her, sidan de no òg har fått ei sterk føring frå Stortinget om å seie farvel til rådmannstittelen?*

– Nei, i grunnen ikkje, så lenge dei ikkje har kome med ein betre avløyssar.

– Regjeringa hadde større handlingsrom

Sjølv om det var eit samrøystes storting som vedtok innføringa av kjønnsnøytrale titlar, har fleire representantar kome på andre tankar etterpå. Jenny Klinge frå Senterpartiet er blant dei som røysta for eit framlegg om å verne lensmannstittelen i Stortinget i vinter. «Skal vi ivareta norsk kultur og norsk språk inn i framtida, må det vera mogleg å behalde historiske norske ord og omgrep sjølv om ordet «mann» eller «menn» dukkar opp der,» har ho skrive i eit lesarinnlegg i den lokale nettavisa Trollheimsporten. Klinge og støtte-spearane hennar vann ikkje fram, og motstanden ser såleis ut til å vere forgyves.

Ein av dei ivrigaste for- kjemparane for kjønnsnøytrale titlar er Anette Trettebergstuen, stortingsrepresentant frå Arbeiderpartiet og fyrste nestleiar i familie- og kulturkomiteén. Ho var ein av initiativtakarane



KRITISK: – *Eg synest regjeringa kunne lagt meir arbeid i avløyssartitlane, meiner Anette Trettebergstuen frå Arbeiderpartiet.*

Foto: Stortinget



ETTERLYSER FØRINGAR: Stortinget kunne lagt fleire føringar på korleis utskiftinga skulle skje, meiner leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge.

Foto: Jannica Luoto

til stortingsvedtaket og meiner prinsippet om at ein stillingstitel ikkje skal ekskludere eitt av kjønna, er viktig.

– Vi veit at titlar er med på å påverke haldningar. Til dømes lurar sonen min på fire på om kvinner kan vere politi, sidan det heiter politimann. For nokre år sidan vart helsesyster erstatta med *helsesjukepleiar*, og då såg vi at søkjartala til utdanninga gjekk opp blant menn.

Trettebergstuen er samstundes klar på at stillingstitlar også har ein kulturell dimensjon.

– Titlar handlar jo om tradisjon og kultur, så eg har ikkje noko problem med å skjønne at også kvinner kan vere stolte av å vere lensmann. Og eg synest regjeringa kunne lagt meir arbeid i avløyssartitlane for å ta betre vare på det kulturelle aspektet.

Ordlyden i stortingsvedtaket frå 2019 er: «Stortinget ber regjeringa å sørge for kjønnsnøytrale titler i alle av statens virksomheter». Trettebergstuen meiner likevel at regjeringa

– *Titlar handlar jo om tradisjon og kultur, så eg har ikkje noko problem med å skjønne at også kvinner kan vere stolte av å vere lensmann.*

Anette Trettebergstuen (Ap)



NO STATSFORVALTAR: Frå 1. januar 2021 vart fylkesmannen til statsforvaltar. Fylkesmannstittelen har òg svært gamle røter og vart førd inn att i nyare tid då den danske nemninga amt vart erstatta med fylke, i 1919.

Foto: Geir Olsen / NTB Scanpix



«TIDLEG» UTE: Riksmeklingsmannen bytte namn til Riksmekleren allereie i 2012, då det kom ny arbeidstvstlov.

Foto: postkom.no (venstre) og ys.no

hadde eit større handlingsrom enn dei har nytta seg av, når dei skulle innføre nye stillingstitlar.

– Stortinget vedtok ikkje kva titlar som skulle endrast, så regjeringa kunne ha freda nokre av dei, til dømes den svært gamle lensmannstittelen. Eg vil jo også seie at avløyseren *politiavdelingsleiar* er temmeleg preglaus og lite vellukka. Regjeringa hadde òg i større grad kunne ha innført kjønnsdelte titlar, til dømes lenskvinne parallelt med lensmann. Motstanden i folket mot dei nye titlane har vore ganske stor, og det viser at det hadde vore lurt å ta nokre fleire rundar.

Kultur- og likestillingsminister Abid Raja har fått presentert kritikken frå Trettebergstuen, i tillegg til desse spørsmåla frå Norsk Tidend: *Fleire av «-manns» titlane er gamle og kan såleis reknast som ein del av kulturarven vår. Har kulturministeren lagt føringar for at denne dimensjonen skulle drøftast i arbeidet med å kome fram til ny titlar?*

Kva meiner statsråden sjølv om at den vel 900 år gamle lensmannstittelen truleg blir politiavdelingsleiar?

Raja svarar dette i ein e-post til Norsk Tidend:

Det er heilt klart at mange av desse titlane har historie knytt til seg, som dei fleste av orda i språket vårt. Likevel meiner regjeringa at det er naudsynt med stillingstitlar i offentleg sektor som markerer at stillingane er opne både for kvinner og menn, difor blir eg overraska når representanten frå Arbeidarpartiet ikkje ser den fulle verdien av kjønnsnøytrale titlar. Regjeringa meiner på si side, og har bestemt, å endre dei kjønnsnøytrale stillingstitlane til å bli kjønnsnøytrale i alle statlege verksemdar.

– Bør greie å balansere omsyna

Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, er samd i at kjønnsnøytrale titlar bør vere eit utgangspunkt.

– Eg er samd med Stortinget i grunnprinsippet i denne saka. Det

offentlege har eit ansvar for å gå framom i likestillingskampen, og då følgjer stillingstitlar med. Noregs Mållag vedtok sjølv å skifte frå *formann* til leiar tidleg på 1980-talet.

Men titlar er også språklege kulturminne, meiner han.

– Språk og kultur tyder noko for folk, difor har titlar ein verdi og ein maktfunksjon. For berre 100 år sidan vart det lagt ned svært mykje arbeid i å finne gode norske namn på fylka våre, og det var ein jobb for den fremste språkfaglege ekspertisen. Eg synest det er synd at dei same prosessane no i praksis vert avgjorde med eit pennestrøk. Det såg vi når det galdt titlar på dei nye fylka etter regionreforma, og no skjer det same med stillingstitlane.

Stortinget kunne lagt fleire føringar på korleis utskiftinga skulle skje, meiner Peder Lofnes Hauge. Han etterlyser bruk av fagleg ekspertise.

– Sjølv om eg som sagt støttar det grunnleggjande i dette, synest eg prosessen med å skifte ut dei gamle

titlane har gått for fort. Det kviler eit ansvar på Stortinget her, og dei burde bede regjeringa om å leggje ned meir arbeid i avløyserane. Dei gode titlane kan det vere krevjande å finne, og i Språkrådet har staten eit eige organ for språkspørsmål som kunne blitt spurt til råds i denne saka.

Peder Lofnes Hauge meiner dette handlar om rolla vår som kulturnasjon.

– Noreg må vere i front på både likestilling og kultur. For likestillingsnasjonen er det viktig kva vi skiftar frå, og for kulturnasjonen er det viktig kva vi skiftar til. Reaksjonane på skiftet frå lensmann til politiavdelingsleiar, som eg òg meiner er ein dårleg avløyserartittel, viser at dette er noko som også engasjerer folk flest. Vi bør greie å balansere omsynet til likestilling på den eine sida og språk og kultur på den andre på ein langt betre måte.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no



NYTT STYRE PÅ HAREID: Framme frå venstre: Iselin Nevstad Øvreliid (leiar) og Erlend Friestad (skrivar). Bak frå venstre: Marita Austnes (styre-medlem), Camilla Nanseth (kasserar) og Kjell Peder Overvåg (varamedlem) som møtte for Helga Bøe (nestleiar).
Foto: Noregs Mållag

AT LANGET RUNDT

NYTT STYRE I HAREID MÅLLAG: – Vi kan håpe at vi til hausten kan samlast fysisk. Den tradisjonsrike ballegova, lesestund for barn og forfattarkveld, er noko av det vi ser føre oss, seier **Iselin Nevstad Øvreliid**, nyvald leiar i Hareid Mållag til Vikebladet Vestposten. Ho har fått med seg eitusiastisk nytt styre: Helga Bøe, Camilla Nanseth, Marita Austnes og Erlend Friestad. Kjell Peder Overvåg og Knut Falk er varamedlemmer.

MÅLBLOME TIL VÊRDAME: Ørsta Mållag har gjeve Målblome til **Kristina Kvistad Hustad** som melder vêret på TV2. Ho får prisen for eit framifrå godt målføre.

NY LEIAR I NUMEDAL MÅLLAG: Numedal Mållag har hatt årsmøte, og **Kristin Baalerud** er vald til ny leiar.

NY NETTSIDE I ROGALAND: Rogaland Mållag har laga seg ny nettside. Den nye nettsida har mykje informasjon og er interessant å lese for målfolk langt utanfor Rogaland. Sjekk ut: <https://www.rogmål.no/>

NY LEIAR I STAVANGER: Årsmøtet i Stavanger Mållag, som vart halde digitalt, har valt **Bjarte Kvadsheim** som ny leiar.

SKRIVEKONKURRANSE I NAUMDØLA: Naumdøla Mållag har lyst ut skrivekonkurranse i diktskriving. Det er éi klasse for dei under 16 år og éi klasse over 16 år. Diktet må vere skriva på nynorsk, elles kan deltakarane skriva som dei ynskjer. Det er pengepremiar til vinnarane, og dei beste dikta vart publiserte i det tradisjonsrike julebladet Naumdøla jul 2021.

KRITISK DIGITAL INFRASTRUKTUR: Stranda Mållag har hatt årsmøte, og der vedtok dei eit brev til Stranda kommune. I brevet tek **Anders Folkestad**, leiar i Stranda Mållag, opp bekymringa for mangel på digitale læremiddel på nynorsk og at heile den nynorske digitale infrastrukturen rundt eleven er for dårleg.

MÅLPRIS TIL SIGNE SEIM OG IRENE STANA: Voss Mållag har gjeve målpris til to viktige målkvinner på Voss, melder avisa Hordaland. Dei får prisen for eit framifrå arbeid med nynorsk. **Irene Stana** driv frisørsalongkjeda Floke på nynorsk. Ho har salongar i Ulvik, Odda, Strandebarm, Bergen, Førde, Florø, Molde, Oslo og på Voss. I tillegg har ho utvikla miljøvenlege frisørprodukt som blir selde i heile landet, alt på nynorsk. **Signe Seim** har eit langt liv bak seg som skribent og har gjeve ut fleire diktsamlingar.

NY LEIAR I HAUGESUND: Audun Emil Fatland har blitt vald til ny leiar i Haugesund Mållag og Ungdomslag.

MÅLPRIS TIL MIKKELPARKEN: Hordaland Mållag har gjeve den tradisjonsrike Målprisen til Mikkelparken Familiepark og Ferietun i Kinsarvik. Driftsleiaren i Mikkelparken, **Inga Måkestad**, fekk ny giv i arbeidet med marknadsføringa av parken på nynorsk etter at ho tok imot prisen. I grunngevinga skriv Hordaland Mållag mellom anna dette: «Prisvinnaren får prisen for gjennomført nynorskbruk i innhald og marknadsføring. Særskilt gledeleg er det at det er dei minste borna som gjennom Mikkelparken og verda herifrå får møta ei kjekk og spennande nynorskverd».

STØTTE TIL VEGUSDAL DIALEKT- OG MÅLLAG: Birkenes Sparebank har delt ut overskotet frå i fjor, og mellom mange fekk Vegusdal dialekt- og mållag 2000 kroner i støtte.

OPPTEKEN AV NORSK FAGSPRÅK: I ei fråsegn frå årsmøtet i **Bergen Mållag** heiter det at dei ser positivt på det arbeidet dei høgare utdanningsinstitusjonane i Bergen vil gjere for å styrkje norsk som fagspråk i akademia, og særleg for den omsuta dei viser for nynorsken. Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Bergen har slege fast at dei skal ta eit særleg ansvar for nynorsk som fagspråk. Noregs handelshøgskule har oppmoda sine nynorskbrukande tilsette om å halde på nynorsken. Bergen Mållag følgjer spent med på det arbeidet som vart gjort, og ser fram til konkrete resultat i tida framover.



MÅLPRIS TIL BESSHEIM FJELLSTUE OG HYTTER: Mållaget Ivar Kleiven har gjeve Målprisen 2021 til Bessheim Fjellstue og Hytter ved **Kari Lund** og **Bjørn Ekerbakke**. Dei får Målprisen for bruk av nynorsk i all si profilering, det gjeld heimeside, på Facebook, i brosjyrar og på mat- og vinkart. I tillegg er dei som vertskap flinke til å bruke dialekt. Frå venstre: Kari Hølmø Holen, leiar i Mållaget Ivar Kleiven, Kari Lund, Bjørn Ekerbakke og Svein Kleiven, sekretær i Mållaget.
Foto: Noregs Mållag



UNG AKTIVISME: Torje Karsten Grindheim i Grindheim Mållag er godt nøgd med arbeidet målungdomen har gjort på Byremo. Her med Ann Jenny Hornung Urevatn (t.v.) og Synnøve Stulien Lauen i Indre Agder Målungdom.

Foto: Jarle R. Martinsen / Fædrelandsvennen

SIGER PÅ AGDER:

— Heilt fantastisk

For tredje gong vart det siger for nynorsk på Byremo barne-skule på indre Agder.

— **DET VAR** heilt fantastisk at nynorsken vann. Eg trur ikkje det blir ei fjerde skulemålsrøysting, seier Torje Karstein Grindheim i Grindheim Mållag.

Frammøtet var på heile 62 %, og det vart ein solid siger for nynorsk med

231 røyster mot 127 for bokmål. Laget har arbeidd med saka i lang tid og hatt god kontakt med skulemålskrivaren i Mållaget. Allereie i juni 2019 tok FAU på skulen opptakt til røysting og fekk samla inn underskriftene som krevst. Røystinga vart utsett i tid på grunn av koronasituasjonen, til 17. mars i år.

Då det var klart at det vart røysting, vart det skipa eit målungdomslag som fekk namnet Indre Agder målungdom, med Synnøve Stulien Lauen som leiar. Desse ungdomane har vore svært viktige for å sikre nynorsk fleirtal i røystinga.

— Det har vore eit veldig engasjement frå ungdomane. Dei har skrive innlegg og fått fram kor viktig nynorsken har vore for dei, og at det har vore ein fordel for dei å lære å skrive nynorsk på barneskulen, og mange av dei unge vaksne deltok i røystinga med poststemmer, seier Torje Karstein Grindheim. Han fortel at dei delte ut informasjon og argumentasjon i postkassene, i tillegg til å skrive lesarinnlegg. Dessutan vil han peike på at Byremo er blitt ein slags utkant i storkommunen Lyngdal.

— Det er nok ein del som har hatt følelsen av å bli slukt av ein storkommune, så då vart det å halde på nynorsken ein del av ein protest mot storkommunen. Det syner også at nynorsken er ein viktig del av identiteten i bygda, seier Torje Karstein Grindheim som har leia Grindheim Mållag i tjuve år. Han seier at utfordringa vidare er å få Lyngdal kommune til å leggje like godt til rette for nynorskelevane som for bokmålskelevane.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no



TAP: Leiar i Hustadvika Mållag Øyvind Fenne er skuffa både over tapet og det mangeårige lovbrøtet frå kommunen.

Foto: Noregs Mållag

TAP I ROMSDAL:

— Sabotasje over fleire år

JENDEM SKULE ER ein nynorsk-skule i den nye kommunen Hustadvika i Romsdal. Dei siste åra har bokmålskelevane blitt fleire og fleire, og dette skuleåret har berre 22 av 130 elevar nynorsk som opplæringsmål. Elevane går i språkblanda klassar, i strid med lovverket. Kommunen vil no ha ein slutt på språkblandinga, og har difor ønskt skulemålsrøysting.

Røystinga var 14. og 15. mars, og det vart tap med 101 nynorskrøyster mot 172 bokmålsrøyster. Valdeltakinga var på 29 %.

Attåt eit klart bokmålspress har kommunen i fleire år aktivt nekta elevar nynorskundervisning på fleire steg. Kontrollutvalet i Hustadvika vedtok på møte i februar ein krass kritikk der dei seier at kommunen har brote opplæringslova, og dermed skapt grunnlaget for røystinga.

— Det er fyrst dei siste månadene vi har blitt klar over sabotasjen mot nynorsken, og at dette har føregått i fleire år. Hadde vi visst om dette før, kunne vi fått gjort noko med det, seier Øyvind Fenne, leiar i Hustadvika Mållag.

Han tykkjer det er trasig at det vart tap for nynorsken i røystinga.

— Vi fekk delt ut informasjon i postkassene, skrive lesarinnlegg, og fleire utanfor mållaget engasjerte seg med innlegg. Vi vonar at det engasjementet denne saka har vekt, kan gje ny kraft til å sikre dei nesten 300 nynorskelevane i Hustadvika kommune ei god opplæring og gode vilkår. Vi ynskjer no å få jobba fram ei sak om språkbruksplan, seier Øyvind Fenne.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no

Noreg har fått si aller fyrste **språklov**, men mottakinga blant målfolket er lunken.

– Lova vart ikkje det lyftet for nynorsk vi hadde venta, meiner Noregs Mållag. Dei får støtte av fleire av opposisjonspartia på Stortinget.

Lova som ikkje innfridde

I MARS KOM endeleg lova det språkinteresserte Noreg lenge har venta på: språklova. Lovplanane har lege på pulten til kulturminister etter kulturminister dei siste åra, men det skulle bli Abid Raja som presenterte eit framlegg for Stortinget, etter at grunnarbeidet var lagt av forgjengar Trine Skei Grande. Lova skal særleg vere eit middel til betre behandling av språk i Noreg som står i ein utsett posisjon, og for norsk generelt overfor engelsk.

– Få betringar

Blant målfolket har forventningane vore store. Men då framlegget frå regjeringa kom våren 2020, var Noregs Mållag heilt klare på at Stortinget måtte stramme grepet fleire hakk på vegner av nynorsken. Det skjedde ikkje, og leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge konstaterer at lova ikkje vart det mållaget hadde håpa på.

– Det nynorske språket står under eit konstant press frå bokmål, og difor treng vi ei lov som kan vege opp for den skeive stillinga mellom språka. Det er ikkje den nye språklova blitt. Lova stadfester at nynorsk skal ha eit særskilt vern, og det er ein siger. Men sett bort frå akkurat det, er det diverre lite styrking å sjå.

Lova greier rett og slett ikkje å leve opp til sin eigen føremålsparagraf. Det er eg skikkeleg, skikkeleg skuffa over.

Den tidlegare mållova, som regulerte bruken av bokmål og nynorsk i staten, er no blitt ein del av språklova. Det er særleg desse konkrete reglane mållagsleiaren hadde hatt større forventningar til.

– Styresmaktene hadde hatt ein sjanse til for alvor å stadfeste det offentlege sitt ansvar for den norske måljamstillinga. Men dei faktiske betringane frå den mållova vi har hatt, er diverre svært småe. Det er tydeleg at omsynet til at statstilsette skal sleppe å skrive for mykje nynorsk, har vore viktig for regjeringa. Det er eit dårleg utgangspunkt.

Peder Lofnes Hauge er særleg kritisk til at Stortinget vel å svekke tenesteplikta statstilsette har hatt, om å kunne både bokmål og nynorsk.

– Tenesteplikta har vore ein berebjelke i den norske måljamstillinga i mange år. No blir ansvaret lagt på statsorganet i staden for på den einskilde statstilsette. Dette er ei klar svekking av posisjonen til nynorsk som jamstilt med bokmål, og indirekte ei melding frå styresmaktene om at det er greitt å ikkje

kunne nynorsk om du jobbar i det offentlege.

Ønskte ei meir offensiv lov

Det var vilje blant fleire av partia på Stortinget til å få i stand ei meir nynorskoffensiv lov. Både Sosialistisk Venstreparti og Arbeidarpartiet røysta for meir offensive reglar knytt til målbruk. Det er heller ingen løyndom at regjeringspartia Venstre og Kristeleg Folkeparti støtta dei i det, men måtte bøye av for Høgre.

Anette Trettebergstuen er stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet og fyrste nestleiar i familie- og kulturkomiteen. Ho meiner den nye språklova rett og slett svekkjer nynorsk.

– Når vi skal ha to likestilte skriftspråk, kan vi ikkje la marknadskreftene rå, og det offentlege må gå framom for å fremje nynorsk. No har vi fått ei språklov som ikkje har betre reglar enn den gamle mållova, og i tillegg blir tenesteplikta for statstilsette endra frå at «tilsette pliktar» å nytte nynorsk til at statsorgana «kan krevje» at dei gjer det. Då meiner eg heilt klart nynorsk blir svekt.

Føremålsparagrafen om at nynorsk skal ha eit særskilt vern, er ikkje nokon siger i seg sjølv, meiner Trettebergstuen.

– Denne føremålsparagrafen blir ikkje følgt opp av konkrete reglar, og då hjelper han lite.

Trettebergstuen er som mållagsleiaren særleg misnøgd med dei ulne språkkrava som blir stilte til fylkeskommunane.

– Regionreforma har ført til at mange nynorskkommunar har blitt ein del av nye og meir bokmålsdominerte regionar enn dei var tidlegare. Då må ein stille handfaste krav til bruken av nynorsk i desse regionane. Dette handlar om at folk skal få sjå sitt eige språk i bruk frå det offentlege.



Arbeidarpartiet kjem til å jobbe for ei betre lov om dei skulle kome i posisjon etter valet til hausten, lovar Anette Trettebergstuen. Ho meiner regjeringspartia Venstre og KrF har vore feige som har valt å bøye av for Høgre i regjeringsforhandlingane.

– Det er ganske flautt at Venstre,

Det er tydeleg at omsynet til at statstilsette skal sleppe å skrive for mykje nynorsk, har vore viktig for regjeringa. Det er eit dårleg utgangspunkt.

Peder Lofnes Hauge



som seier dei er opptekne av språk og kultur, skal leggje fram og røyste for ei lov som svekkjer nynorsk.

Jon Gunnes er stortingsrepresentant for Venstre. Han seier at Venstre også gjerne skulle hatt eit tydelegare regelverk, særleg på vegner av nynorsk, men er likevel nøgd med

at ei ny språklov er på plass.

– Eg er veldig glad for at det har kome eit lovverk på plass for fleire av dei språka vi har her i Noreg.

Gunnes har tru på at lova blir følgt, sjølv om mange av reglane er runde.

– Ja, det har eg. Verkeleg.

TVERRPOLITISK FEIRING: Noregs Mållag feira føremålsparagrafen i lag med stortingspolitikarar og kulturministeren på vedtaksdagen 25. mars. Oppe f.v., mot klokka: Marianne Haukland (H), Anders Riise (H), Åslaug Sem-Jacobsen (Sp), kultur og likestillingsminister Abid Raja, Anette Trettebergstuen (Ap), Freddy André Øvstegård (SV) og Jorunn Gleditsch Lossius (Krf).

Foto: Noregs Mållag



A-B-C om den nye språklova

Den nye språklova skal sikre betre behandling av språk som står under press frå andre språk, blant dei nynorsk. Men kva dette vernet i praksis inneber, må i mange tilfelle avgjerast frå sak til sak.

TIDLEGARE HAR NOREG i praksis berre hatt éi lov som handla om språk aleine: mållova, som regulerte bruken av bokmål og nynorsk i staten. Reglane i den gamle mållova er også ein del av språklova, men den nye lova er ei breiare lov som skal gje kulturelt vern for fleire språk.

Overordna

Hovuddelen av språklova inneheld overordna reglar som skal sikre gode politiske val for språk i mindretalsposisjon i lovgjeving og myndighetsutøving. Slike reglar har vi ikkje hatt i Noreg på språkområdet før.

Dei reglane i lova som ikkje er overordna, gjeld bruken av bokmål og nynorsk i det offentlege, som tidlegare har vore regulerte i mållova. Desse reglane er konkrete, og i mange tilfelle målbare. Dei skil seg såleis frå resten av lova.

Kva seier lova?

Den nye språklova slår fast at norsk, både bokmål og nynorsk, er det nasjonale hovudspråket i

Noreg. Lova inneber eit endeleg avskil med samnorskpolitikken, gjennom å gå bort frå nemninga «målform» og kalle både nynorsk og bokmål for «skriftspråk».

I tillegg slår lova fast det offentlege sitt ansvar og statusen til fleire språk i mindretalsposisjon: samisk, teiknspråk, dei nasjonale minoritetsspråka (kvensk, romani og romanes) og nynorsk. Særleg lovfestinga av statusen til norsk teiknspråk blir rekna som banebrytande, ettersom teiknspråklege lenge har venta på anerkjenninga av at den kulturelle verdien til teiknspråk skal bli rekna som likeverdig med norsk.

Lova slår også fast det offentlege sitt ansvar for klart språk og publikum sin rett til å bruke dei andre skandinaviske språka i kontakt med det offentlege.

Reglane for offentlig målbruk

Reglane for offentlig målbruk er i stor grad som før, men det finst nokre skilnader.

Dette er dei tre mest sentrale:

- Pliktene i mållova galdt berre statstenesta, ikkje kommunane og fylkeskommunane. Gjennom den nye føremålsparagrafen får heile det offentlege i praksis plikter til å ta omsyn til nynorsk.
- Fylkeskommunane får også nokre lovpålagde plikter til å

bruke nynorsk, som varierer etter talet på nynorskkommunar i fylket. Desse pliktene blir likevel i stor grad i praksis lite forpliktande. Ein del av det politiske stridstemaet i framkant av lovvedtaket galdt desse reglane. Noregs Mållag og fleire av opposisjonspartia på Stortinget ønskte meir forpliktande reglar for fylkeskommunane, men møtte motbør frå Høgre. KS uttalte seg òg sterkt kritisk.

- Mållova innebar ei plikt for statstilsette til å bruke bokmål og nynorsk etter dei gjeldande reglane, mens plikta no blir lagt på statsorganet. Noregs Mållag har vore sterkt imot denne endringa, særleg i frykt for at ho i praksis skal bli bruka som brekkstong til å svekkje sidemålsundervisninga.

Kva med opplæringsfeltet?

Språklova omfattar ikkje rettar på opplæringsfeltet, som er eit svært viktig felt for språk i mindretalsposisjon. Reglane for skule og barnehage er regulerte i opplæringslova. Likevel skal føremålsparagrafen i språklova fungere som eit vern mot lovverk og praktisk politikk som kan svekke nynorsk, på alle andre felt, mellom dei opplæringsfeltet. Såleis blir den pågåande revisjonen av opplæringslova den fyrste ordentlege testen på om språklova fungerer etter intensjonen.

SAGT I ORDSKIFTET OM SPRÅKLOVA PÅ STORTINGET:

– Vi vedtek ei lov som seier at mitt språk – nynorsk – treng meir enn berre likestilling.

Anders Riise, H, styremedlem i Noregs Mållag

– Vi meiner lova er for svak når det gjeld å sikre stillinga til nynorsk i Noreg.

Trond Giske, Ap

– Språklova vil vere ei rettesnor for korleis andre lovverk rettar sine verkemiddel inn på språkområdet.

Jorunn Lossius, KrF

– Nynorsk er eit språkleg frigjeringsprosjekt.

Freddy André Øvstegård, SV

Kjem vi til å sjå resultat av den nye språklova?
Kommentar frå **Gunnar O. Hæreid**, tidlegare leiar i Juristmållaget

Naiv. Super.

DÅ EG VAR ung jurist, levde eg lukkeleg i trua på at om det trengst endringar i samfunnet, så endrar me lova og alt vert bra. Men byråkratiets harde skule har lært meg at så lett er det ikkje. Vanskelegast er å lukkast med endringar som kjem fram i mål som gjeld på tvers av alle forvaltningssektorar, slik som språklova § 1. Og korleis kan den nye lova føra til endring når dei konkrete føresegnene i den gamle lova ofte vart brotne?

Kva må til?

1. Kulturdepartementet må ha musklar og vilje til å vera drivkraft.

2. Drivkrafta må vera så sterk at Kulturdepartementet sjølv gjer måla konkrete, tek dei inn i eigne verksemdsplanar og embetsoppdrag til alle etatane under, og får andre departement til å gjera det same.

3. Leiarane får kvar tilsett til å følgja opp.

4. Fylkeskommunane og kommunane vert oppmuntra og rettledde av Statsforvaltarane og, i tråd med det kommunale sjølvstyret, følgjer opp på kvar sin måte.

Enkel oppskrift, vanskeleg å følgja. Super lov. Naiv?

GUNNAR O. HÆREID



FAGPERSPEKTIVET: Jurist Gunnar O. Hæreid peikar på at resultat av språklova ikkje kjem av seg sjølve.
Foto: Bjørn Søltnæs / Sogn Avis

§ 1 FØREMÅL

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Føremålet med lova er også å sikre at

- offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk
- offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk, jf. reglane i sameloven kapittel 3
- offentlege organ tek ansvar for å verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

Ansvaret etter andre ledd bokstav a omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.

§ 2 DEFINISJONAR

I denne lova tyder

- dokument: ei logisk avgrensa informasjonsmengd som blir lagra på eit medium for seinare lesing, framsyning, overføring eller liknande
- allment tilgjengelege dokument: dokument som blir utferda og sendt ut av eit organ som er omfatta av lova her, og som ikkje er stila til enkeltadressatar
- statsorgan: alle organ for staten og sjølvstendige rettssubjekt der staten har ein eigarskap som nemnt i § 3 første ledd første punktum bokstav c, eller ei rolle som nemnt i § 3 første ledd første punktum bokstav d, og som ikkje er omfatta av § 3 første ledd andre punktum
- offentleg organ: statsorgan etter bokstav c, alle organ for kommune og fylkeskommune og sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein eigarskap som nemnt i § 3 første ledd første punktum bokstav c, eller ei rolle som nemnt i § 3 første ledd første punktum bokstav d, og som ikkje er omfatta av § 3 første ledd andre punktum
- sentrale statsorgan: statsorgan med heile landet som tenestekrins
- regionale statsorgan: statsorgan med mindre enn heile landet som tenestekrins.

§ 3 VERKEOMRÅDE

Når det ikkje er fastsett noko anna, gjeld lova for

- staten, fylkeskommunane og kommunane
- andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift
- sjølvstendige rettssubjekt der staten, fylkeskommunar eller kommunar direkte eller indirekte har ein eigardel som gjev meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet
- sjølvstendige rettssubjekt der staten, fylkeskommunar eller kommunar direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.

Første punktum bokstav c og d omfattar ikkje rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld ikkje for

- kommunane
- sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein slik eigardel eller rett til å velje medlemmer i det øvste organet i rettssubjektet som nemnt i første ledd første punktum bokstav c og d
- interkommunale samarbeid etter kommuneloven kapittel 18 og 19 som ikkje er egne rettssubjekt, og som har ein eller fleire fylkeskommunar som deltakarar
- Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombudsmanen og andre organ for Stortinget.

Lova gjeld ikkje for intern sakshandsaming.

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld berre for den administrative delen av verksemda ved universiteta, dei statlege høgskulane og andre statlege skular, vidaregåande skular, domstolane, forliksråda og påtalemakta.

Departementet kan gje forskrift om at §§ 12 til 18 heilt eller delvis heller ikkje skal gjelde for organ og sjølvstendige rettssubjekt som lova elles gjeld for, og om val av skriftspråk i samband med eksamen ved universiteta, dei statlege høgskulane og andre statlege skular.

§ 4 NORSK SPRÅK

Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg.

Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. I offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk.

§ 5 SAMISKE SPRÅK

Samiske språk er urfolksspråk i Noreg.

Samiske språk og norsk er likeverdige språk. Dei er jamstilte språk etter sameloven kapittel 3.

§ 6 NASJONALE MINORITETSSPRÅK

Kvensk, romani og romanes er nasjonale minoritetspråk i Noreg.

Som språklege og kulturelle uttrykk er kvensk, romani og romanes likeverdige med norsk.

§ 7 NORSK TEIKNSPRÅK

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg.

Som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.

§ 8 SKANDINAVISKE SPRÅK

Alle har rett til å bruke svensk eller dansk i kontakt med offentlege organ. Offentlege organ kan svare på norsk.

§ 9 KLART SPRÅK

Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.

§ 10 OFFISIELL RETTSKRIVING FOR BOKMÅL OG NYNORSK

Offentlege organ skal følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk.

Statsorgan skal ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk. Namna skal følgje offisiell rettskriving.

§ 11 KOMMUNALE OG FYLKESKOMMUNALE SPRÅKVEDTAK

Ein kommune eller ein fylkeskommune kan sjølv vedta å krevje at statsorgan skal bruke berre bokmål eller nynorsk i all skriftleg kommunikasjon med kommunen eller fylkeskommunen, eller at kommunen eller fylkeskommunen skal vere språkleg nøytral. Ein kommune eller ein fylkeskommune skal reknast som språkleg nøytral så lenge det ikkje er gjort noko slikt vedtak.

Kommunar og fylkeskommunar skal melde frå til Språkrådet om språkvedtak etter første ledd.

§ 12 FLEIRTALSSPRÅK

Fleirtalsspråket i ein tenestekrins er det norske skriftspråket, anten bokmål eller nynorsk, som over halvparten av kommunane i ein tenestekrins gjer språkvedtak om etter § 11. Eit regionalt statsorgan skal bruke fleirtalsspråket i tenestekrinsen. Dersom det ikkje er noko fleirtalsspråk i ein tenestekrins, skal eit regionalt statsorgan reknast som språkleg nøytralt.

§ 13 VEKSLING MELLOM BOKMÅL OG NYNORSK I ALLMENT TILGJENGELEGE DOKUMENT

Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. Regionale statsorgan som har anten bokmål eller nynorsk som fleirtalsspråk i tenestekrinsen, skal bruke fleirtalsspråket i allment tilgjengelege dokument.

Eit språkleg nøytralt regionalt statsorgan som i tenestekrinsen har kommunar med språkvedtak om bokmål eller nynorsk etter § 11, skal veksle mellom skriftspråka slik at det blir eit rimeleg samhøve mel-

lom dei i allment tilgjengelege dokument. Dersom minst ein fjerdedel av kommunane i ein tenestekrins har gjort vedtak om å krevje same skriftspråk, skal eit språkleg nøytralt regionalt statsorgan veksle mellom skriftspråka slik at det over tid blir minst 25 prosent av dette skriftspråket i allment tilgjengelege dokument. Dersom minst ein kommune, men mindre enn ein fjerdedel av kommunane i ein tenestekrins har gjort vedtak om å krevje nynorsk, skal det regionale statsorganet veksle mellom skriftspråka slik at det over tid blir minst 10 prosent nynorsk i allment tilgjengelege dokument.

Dersom kommunar i eit geografisk avgrensa område har eit fleirtalsspråk, skal statsorgan bruke dette språket i dokument som er retta mot desse kommunane. Det same gjeld når dokument har særleg tilknytning til eit slikt geografisk avgrensa område. Dersom eit dokument har særleg tilknytning til berre ein kommune, skal statsorgan følgje det språkvedtaket denne kommunen har gjort.

§ 14 PARALLELL BRUK AV BOKMÅL OG NYNORSK HOS STATSORGAN

Statsorgan skal gjere skjema og andre sjølvbetenings-tenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig.

Dersom eit privat rettssubjekt krev at løyve og faste formular som direkte gjeld rettssubjektet, skal vere på anten bokmål eller nynorsk, skal statsorgan oppfylle kravet.

Statsorgan skal gje ut dokument som er meinte til bruk i skulen, på både bokmål og nynorsk samtidig.

§ 15 BRUK AV BOKMÅL OG NYNORSK TIL PRIVATE RETTSSUBJEKT OG ENKELTKOMMUNAR

I dokument som er retta mot eit privat rettssubjekt, skal statsorgan og fylkeskommunar bruke det norske skriftspråket som det private rettssubjektet sjølv har bruka i kommunikasjonen med organet, eller som det private rettssubjektet på annan måte har meldt frå at det ønskjer.

I dokument som er retta mot ein kommune eller ein fylkeskommune som har gjort språkvedtak etter § 11, skal statsorgan og fylkeskommunar bruke det vedtekte skriftspråket.

§ 16 KRAV TIL SKRIVEKOMPETANSE

Statsorgan og fylkeskommunar skal syte for at dei har den nødvendige skrivekompetansen for å kunne bruke bokmål og nynorsk etter lova her.

§ 17 KLAGERETT

Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren klage og krevje at dokumentet blir utferda på nytt. Forvaltningsloven §§ 28 til 35 gjeld for saker etter første punktum.

§ 18 PÅPEIKING AV FEIL BRUK AV SKRIFTSPRÅK HOS STATSORGAN

Språkorganisasjonar kan påpeike overfor eit statsorgan at dei meiner organet bryt føresegnene nemnt i §§ 14 og 15, jamvel om saka ikkje vedkjem organisasjonane sjølve.

§ 19 SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk.

Språkrådet skal gje statsorgan råd om skrivemåte og namneskikk før det blir gjort vedtak om namn på statsorgan.

Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan etterlever reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

Språkrådet skal rettleie offentlege organ om reglane i denne lova.

§ 20 OPPLYSNINGSPLIKT OVERFOR SPRÅKRÅDET

Statsorgan skal gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om som ledd i tilsynet med reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

§ 21 og § 22 er administrative paragrafar som ikkje er attgjevne her.

Ny dagleg leiar for NRK Nynorsk mediesenter

Rune Fossum Lillesvangstu blir dagleg leiar for Nynorsk mediesenter på distriktkontoret til NRK i Førde når Magni Øvrebotten går av med pensjon.

– **EG SYNEST SJØLV** at det er eit artig paradoks at eg eigentleg er bokmålsbrukar. Eg hadde det som hovudmål fram til eg fekk jobb i *Firda*. Då konverterte eg, seier **Rune Fossum Lillesvangstu** til avisa *Firda*.

Lillesvangstu tek over som leiar for Nynorsk mediesenter i Førde etter Magni Øvrebotten. Ho har vore dagleg leiar på mediesenteret sidan det vart oppretta som del av NRK Sogn og Fjordane i Førde i 2004.

– Ho har gjort ein heilt

enorm jobb. Eg trur ikkje folk heilt ser kva ho har gjort. Å vidareføre dette og utvikle det endå meir, er noko eg går til med respekt, seier han til *Firda*.

Lillesvangstu har bakgrunn både som journalist i avisa *Firda* og NRK Sogn og Fjordane. I NRK har han jobba som journalist og etter kvart vaktsejef i fleire år, før han i 2016 begynte som faglærar på mediesenteret.

Nynorsk mediesenter er eit nasjonalt kurs- og kompetansesenter for bruk av nynorsk i media, og dei tar inn praktikanter kvart halvår. Praktikanter får journalistopplæring ved mediesenteret, for så å ha ein praksisperiode i NRK. Senteret vart oppretta for å bidra til meir bruk av nynorsk i NRK.



RØYND JOURNALIST: Rune Fossum Lillesvangstu har vore faglærar ved Nynorsk mediesenter sidan 2016.

Foto: Ivar Bruvik Sætre / *Firda*

NP

Sju kunstnarar har fått nynorskmidlar til skuleframsyningar

Av over sytti søknader, har Kulturtanken no valt ut sju aktørar som får midlar frå den første nynorskutlysinga i ordninga. Dette skal gi fleire nynorskframsyningar i skulane.

■ Kulturtanken, som har det nasjonale ansvaret for Den kulturelle skulesekken (DKS), har for første gong lyst ut midlar retta mot nynorsk. Målet med ordninga er å auke talet på gode nynorskproduksjonar i Den kulturelle skulesekken.

Dei sju søkerane som er valde ut, representerer produksjonar innanfor musikk, visuell kunst, scenekunst, litteratur og film, og når målgrupper i heile skuleløpet, frå første klasse til vidaregåande skule, heiter det i ei pressemelding.

Fosse-dikt, blues og dans

Musikar og komponist **Sandra Kolstad**, som har tonesett dikt av Jon Fosse på plata *Elv på himmelen*, skal lage ein konsertproduksjon for elevane. I tittelsporet bidreg Ane Brun på vokal.

Bandet **Good Time Charlie** har gitt ut tre barneplater med nye, nynorske tekstar til kvalitetsblues. No får dei midlar til å halde konsert med barna. «For kvar konsert er målet vårt å få heile salen til å delta i heile konserten, invitere til allsong og aktivitet, og lage ei god og inkluderande musikkstund», skriv bandet sjølve.

Dansaren **Belinda Braza** har fått klarsignal til å lage ein produksjon som kombinerer samtidsdans, hiphop og slam med fellesnemnarane kamp, motstand og løvetann-filosofi.

Geir Egil Eiksund som i vår debutterer med oppvekstskildringa *Kampen*, skal lage ein DKS-produksjon som han trur både han sjølv og heile klassen hans hadde hatt godt av å sjå den gongen han sjølv var elleve og forstod at han var homofil.

Animasjon, kostyme og falske nyheiter

Martine Grande skal ta utgangspunkt i si nye bildebok *Ørn* når ho skal lage animasjonsteater og workshop.

Dordi Strøm skal lære bort scenografi og kostymedesign i prosjektet «I dag er du kostymedesignar!».

Forfattar **Anders Totland** har på oppdrag frå Nynorsk kultursentrum skrive eit manus som hentar fram hendingar frå nyheitsbildet dei siste åra, og set fokus på falske nyheiter. No skal han lage produksjonen «Skit eller kanel».

Vinnarane får eit økonomisk tilskot til produksjonsmidlar og eit kunstnarleg opphald på Seanse i veke 32. Dei blir og inviterte til ei rekkje arbeidsseminar og nettverksmøte for å sikre dei eit godt fagleg innhald over tid og høve til å bli kjende med kvarandre.

Opplegget blir organisert av Kulturtanken i samarbeid med Seanse og Nynorsk senteret.

NP



TRE VINNARAR: Bjørn Hatterud frå *Ringsaker* og Olaug Nilssen frå Førde har fått den prestisjetunge prisen i lag med Jan Grue frå Oslo.

Foto: Tove Breistein/Samlaget, Bent R. Synnevåg/Samlaget, Ole Berg-Rusten/NTB

Sterk nynorskrepresentasjon blant mottakarane av Fritt Ord-prisen

Bjørn Hatterud og Olaug Nilssen er to av mottakarane av Fritt Ord-prisen 2021, for bøker skrivne på nynorsk.

STIFTELSEN FRITT ORDS Pris for 2021 går til tre forfattarar som har belyst samfunnssituasjonen og ytringskulturen for funksjonshemma i Noreg.

Dei tre forfattarane **Jan Grue**, **Bjørn Hatterud** og **Olaug Nilssen** har kvar for seg ytt sterke og kritiske bidrag for å belyse situasjonen for funksjonshemma i Noreg. Både Hatterud og Nilssen får prisen for bøker som er skrivne på nynorsk og gjevne ut på Samlaget.

– Mangfaldsdebatten i norsk offentlegheit rommar sjeldan personar med nedsett funksjonsevne.

Grue, Hatterud og Nilssen kjem kvar på sin måte med skarpe, kunnskapsrike og debattskapande bidrag gjennom bøker og avisartiklar som når svært mange, seier styreleiar Grete Brochmann i Stiftelsen Fritt Ord.

– Dei tre forfattarane gir språk til menneske som ofte ikkje finn sitt eige og som ikkje blir sett, seier Brochmann i ei pressemelding.

Jan Grue (40) er professor i spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo, medan Bjørn Hatterud (43) er kulturskribent, kurator, musikar og forfattar. Olaug Nilssen (43) er dramatikar og forfattar.

Prisvinnarane deler prisbeløpet på 500.000 kroner og får kvar sin statuett laga av Nils Aas. Tidspunktet for prisutdelinga er ikkje fastsett på grunn av koronasituasjonen.

NP / Astrid Marie Grov

Nynorskstipend til yoga og app

Tarjei Øvrebotten og **Ingvild Skodvin Prestegård** får kvart sitt stipend på 50 000 kroner frå Noregs Mållag for å utvikle lege-app og yogamateriell.

TARJEI ØVREBOTTEN FRÅ Naustdal er lege ved Akershus universitetssjukehus og har sakna eit hending oppslagsverk i kvardagen. Han vil difor utvikle ein app for legar.

Øvrebotten er i spesialisering som hjartelege, og i kardiologien er det mange emne å halde styr på. Han vil mellom anna at appen skal tilby eit kartotek av bilete og informasjon, der alt helsepersonell som tek EKG, kan slå opp for å finne informasjon og få hjelp til å ta avgjerder.

– Mållaget tykkjer dette er eit glimrande prosjekt. Innanfor medisinen er det få som nyttar nynorsk, og då er det ekstra viktig med ein god og bruksvenleg app, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

Yogamateriell

Ingvild Skodvin Prestegård er utdanna sosialantropolog frå Universitetet i Bergen med spesialisering i meistring og arbeider som yogainstruktør. Ho er oppteken av at deltakarane skal ha eit godt, norsk språk for å kunne formidle erfaringane sine. I yogatimane lærer dei om anatomi og fysiologi slik at dei forstår kroppen betre. Dei lærer om å jobbe med kroppen, og ikkje mot.

Ho har sett at utmatting er eit problem for nokre deltakarar, og no ser ho også at mange som har



KVAR SIN BY: Ingvild Skodvin Prestegård er yogainstruktør i Bergen og Tarjei Øvrebotten er lege ved Akershus universitetssjukehus på Lørenskog.

Foto: Jannica Luoto og Noregs Mållag (innfelt)

blitt smitta av korona, slit med sein-skadar og redusert kapasitet. Difor ynskjer ho å utarbeide ein sjølv-omsorgsressurs som skal vere lett tilgjengeleg, og kan gje praktiske, enkle yogateknikkar som kan vere med på å støtte legingsprosessar. Ein slik brosjyre vil spreie gode livs-meistringsreiskapar på nynorsk.

– Yoga er populært i Noreg, og det er eit felt som er dominert av engelsk. Dette prosjektet er spen-

nande fordi det vektlegg så klårt at eit godt språk er eit tydeleg, nært og konkret språk, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

Kvart år deler Noregs Mållag ut to nynorskstipend på 50.000 kroner. Kulturdepartementet gjev midlane, og føremålet er å hjelpe fram gode prosjekt som kan fremje nynorsk på alle samfunnsområde. Det eine stipendet går til ei kvinne, og det andre skal gå til ein mann.



Kunstig røyst endeleg på nynorsk

Talesynteserøyst for nynorsk, eller berre kunstig røyst, har vore etterlyst av blinde og svaksynte nynorskbrukarar lenge. No er ho på plass.

NORSK LYD- OG blindeskriftbibliotek (NLB) tilverkar og låner ut lydbøker og bøker i punktskrift til personar som har vanskar med å lese visuell tekst. Så langt har den kunstige røysta berre vore på bokmål, men no melder NLB at dei har utvikla ei nynorsk talesynteserøyst med vestnorsk tonefall. Ho har fått namnet «Hulda»

Seniorrådgjevar Mari Myksvoll i NLB er glad for å ha fått dette på plass.

– «Hulda» vil kunne gje lånarane eit betre tilbod, og me er nøgde med å vere fyrst ute med å presentere ei kunstig røyst på nynorsk. Som statleg verksemd meiner me det er sjølvsagt at me må ha ei skikkeleg nynorsk røyst også.

NLB sitt oppdrag er å gje personar med funksjonsnedsetjingar betre kår for å lese visuell tekst, både bøker og aviser. Det gjer at personar med lesevanskar får ei mykje større moglegheit til å vere med i samfunnsdebatten.

Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, jublar og takkar for det nye tilbodet.

– Det å sikre nynorsk i eit digitalisert samfunn er noko me jobbar mykje med, så dette var gledeleg. Å gje nynorsken tilgjengeleg for fleire har viktige demokratiske aspekt ved seg. Det handlar om universell tilgjengelegheit til språk og kunnskap. «Hulda» er dessutan eit namn med gode assosiasjonar, så dette ynskjer vi difor veldig velkome, seier Peder Lofnes Hauge.

Det lydlege grunnlaget for røysta er lese inn av skodespelar og forfattar Ane Barmen og har fått namn etter Hulda Garborg (1862–1934). Garborg jobba for Det Norske Teatret og var blant anna ei eldsjel i målsaka.

STIG JARLE SÆTRE
Vest-Telemark Blad

Opnar likevel for nynorsk på tv2.no

TV 2 opnar kanalen for nyheitsartiklar på nynorsk på tv2.no.

■ Nyheitsredaktør **Karianne Solbrække** seier til *Framtida.no* at leiargruppa i kanalen gjorde eit vedtak om dette midt i mars. No skal kvar enkelt journalist avgjere kva målform dei skal skrive på.

– Dette er ikkje noko kontroversielt, og alle er samde om at det er rett ting å gje, seier Solbrække. Ho legg til at det å opne for nynorsk er ei naturleg utvikling, på grunn av rekkjevidda til tv2.no og samfunnsoppdraget kringkastaren har.

Kringkastingsringen og Norsk Målungdom retta før vedtaket hard kritikk mot TV 2 for at dei ikkje lét journalistar bruke nynorsk i nyheitsartiklar på tv2.no.

Nynorsk har heile tida vorte brukt på fjernsyn og i kommentarartiklar på nett.



Det blir enklare å talestyra mobilen på nynorsk

Takka vere ei gratis uttaleordliste på nynorsk frå **Nasjonalbiblioteket**, blir det no enkelt og billig å utvikla program der nynorskbrukarar kan styra mobiltelefonen med stemma eller få datamaskina til å lesa høgt på nynorsk.

– **TIL NO** har det ikkje vore så mykje taleattkjenning på nynorsk, seier språkteknolog Per Erik Solberg ved Språkbanken til Nynorsk pressekontor.

For å bøta på dette har Nasjonalbiblioteket no gjort tilgjengeleg ei uttaleordliste, som er ein viktig grunnlagsressurs for nynorsk taleteknologi.

Uttaleordlista er ikkje ei vanleg ordliste som menneske kan slå opp i. Ho er laga spesielt til bruk for datamaskiner. Solberg forklarar at ordlista både vil vera nyttig for taleattkjenning og for såkalla talesyntese.

Gratis for alle

Den nyutvikla nynorske uttaleordlista er utvikla av trondheimsfirmaet Lingit og er gratis tilgjengeleg i ressurskatalogen til Språkbanken for alle, både kommersielle – og ikkje-kommersielle utviklarar.

– Å ha ein open lisens er veldig viktig for oss. Språkbanken er til for å tilby ressursar som trengst for å utvikla norsk språkteknologi slik at verken bokmål eller nynorsk taper terreng samanlikna med engelsk og andre større språk, seier Solberg. Han peikar på at det er svært dyrt å utvikla slik teknologi, og at det for mange føretak ikkje ville vera mogleg eller lønsamt å laga si eiga liste for nynorsk.

570 000 nynorske ord

Ordlista inneheld 570 000 nynorske ord og maskinleselege, fonetiske transkripsjonar av orda. Den tilsvarande uttalelista på bokmål har oppunder 800 000 ord.



NØGD: Per Erik Solberg er språkteknolog ved Nasjonalbiblioteket.

Foto: Nasjonalbiblioteket

Solberg forklarar at bokmålsordlista inneheld mange namn som er dei same både på bokmål og nynorsk. Mykje av bokmålsordlista kan ifylgje Solberg difor også brukast på nynorsk.

Taleattkjenning på dialekt

Språkbanken vil no gå vidare og utvikla begge ordlistene med fleire dialektversjonar og fleire ord, slik at dei blir endå meir nyttige.

Han peikar på at det i dag mellom anna kan vera eit problem for dialektbrukarar at dei ikkje blir så godt forstått når dei snakkar med taleassistenten på mobilen sin.


– Ved å leggja til variasjonar i ei slik ordliste kan ein forbetra den situasjonen til ein viss grad.

Mållagsleiar jublar

For leiaren i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, er nyheita frå Nasjonalbiblioteket godt nytt.

– Dette er ei kjempenyheit som eg er svært glad for å høyra. Det å sikra språkteknologi på nynorsk er noko av det Noregs Mållag vil jobba mest med i tida som kjem, fordi utviklinga går svært fort og det tek over fleire og fleire funksjonar både i arbeidslivet og privatlivet. Det å få taleteknologi som forstår nynorsk-nære dialekter, er difor utruleg viktig, seier Lofnes Hauge.

NPK



Glad for presise

To regjeringsoppnemnde utval har ymta om at nynorsk lovspråk kan vere problematisk for omsynet til klart språk. Leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge bad **Stortinget** presisere at dette ikkje er nokon motsetnad – og vart høyrd.

I DEN NYE språklova er det lovfest at «offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa oppgåva». Både i framlegget til ny opplæringslov og ny barnelov har nynorske lovtekstar blitt sett opp mot denne føresegna. Leiar Peder Lofnes Hauge i Noregs Mållag har uttalt seg sterkt kritisk

til dette i eit innlegg i den juridiske avisa Rett24, prenta i februar.

«Opplæringslovutvalet problematiserte nynorskbruk i sin NOU 2019:23 Ny opplæringslov, og no gjer utvalet som har kome med NOU 2020:14 Ny barnelov. Til barnets beste, det same. Dei skriv at «utvalget mener imidler-



Foto: Lars Olve Hesjedal / avisa Hordaland

Jens i Pressgarden

NT INLEGG

Dette skiltet står i bytet mellom herada Ulvik og Voss attmed fylkesveg 572 mellom gardane Aurdal i Ulvik og Espeland i Granvin. I Aurdal seier dei «gjenge» og «stende» medan dei seier «gaor» og «staor» på Espeland.

Før eg byrja på skulen,

vitja bestefar min syskenbarnet sitt Nikolai Lillegraven i Pressgarden. Og eg var med. Det eg minnest frå vitjinga, var at Gamle Nikolai tok fram to beger og ei brennevinsflaske. So helte han nokre få dropar med brennevin opp i begra, og så skålte dei for slektskap og venskap. Det var meir som ei sakral handling fordi bestefar min var fråhaldsmann.

Nikolai var far til Jens Lille-



VART LYTTA TIL: Leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge er glad for stortingspresiseringsringa om at nynorsk ikkje er noko hinder for klart språk.

Foto: Jannica Luoto

Foto: Gorm Kallestad / NTB

ring om klart språk

tid at det ikke kan legges for mye vekt på hensynet til utvikling og bevaring av nynorsk som språkform i spørsmålet om lovspråk» (s. 70).»

Peder Lofnes Hauge presiserte i innlegget at han er nøgd med at begge desse lovene framleis skal vere på nynorsk, men åtvare mot ei dårleg utvikling.

«Heldigvis landa både opplæringslovutvalet og barnelovutvalet på nynorsk lovtekst, men om fleire opnar for at lovtekstar skal vere heva over offentleg målpolitikk, er vi på feil veg.

Fordommar mot nynorsk kan ikkje få gjennomsyre utviklinga av norske lovtekstar.»

Hauge viste til målsetninga frå Stortingsmeldinga Mål og mening om at minst 25 prosent av lovverket skal vere på nynorsk, og bad Stortinget ta grep.

«Lovfestinga av klart språk er bra, men Stortinget bør sikre seg mot at dette blir ein trojansk hest inn i norsk språkpolitikk, og at det i neste omgang kan brukast av dei som meiner klart språk står i motstrid til tekstar på nynorsk», skriv han.

Om mållagsleiaren vart høyrd. I innstillinga frå ein samrøystes familie- og kulturkomité på Stortinget er det presisert at «[...] klart språk ikkje må brukast som eit argument imot nynorsk i forskjellige tekstar.»

– Eg er veldig glad for at Stortinget har lytta til mållaget og slått fast at kravet om klart språk og målsetninga om å styrkje og fremje nynorsk ikkje er motsetnader, seier Peder Lofnes Hauge i ein kommentar til *Norsk Tidend*.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

og eit skilt

graven som i ungdommen var i Alaska og grov etter gull. Han gifte seg med Anna frå Alvsåker. Og der i tunet voks seinare forfattern og barnebarnet Ruth Lillegraven opp. Me kan òg ta med at Jens i Pressgarden gav ut fleire bøker med motiv mellom anna frå tida i Alaska.

I 1956 fór det ein «kommunefarang» over nynorskland. Jens i Pressgarden var då med i Granvin heradsstyre og på

side 313 i Bygdebok for Granvin, skriven av Henrik Meyer Kvalem, står det: Sak 38. Den nye kommunelova. Jens Lillegraven gjorde framlegg om å nytta det norske namnet «herad», og Hans Spildo gjorde framlegg om å nytta namnet «kommune» – Det fyrste framlegget vart vedteke med 7 mot 6 røyster. Slik bar det til at den fagraste bygdi på jordi, vart heitande Granvin herad. I 2019

vart so Granvin herad slege saman med Voss kommune, og namnet på det nye heradet vart Voss herad.

Hadde det ikkje vore for Jens i Pressgarden, så hadde det ikkje stått herad på skilta ved innfallsportane til Voss. Det kan vera noko å tenkja på. Eitt menneske kan setja varige spor etter seg, også i målvegen.

Knut O. Dale



INGER JOHANNE RUSET

leiar i Kringkastingsringen

Kampen om undertekstane

EIN AV DEI vakraste tinga med å bu i eit fullverdig demokrati, er at politikarane faktisk lyttar til innspel før avgjersler blir tekne. Til dømes kan både organisasjonar og enkeltpersonar sende høyringssvar til saker som skal opp til politisk behandling i Stortinget. Innsjela kan sjølvstøtt sprike veldig, likeins med politikarane sine kjerneverdier. Det er dermed ikkje gitt at eit innspel fører til reelle endringar. Like fullt, brenn du for ei sak, så er det faktisk mogleg å bli høyrt av dei med makt.

DEI SOM HAR drive med målkamp i årevis, veit nok at det ikkje er berre berre å legge fram nokre argument og forvente endring i sin favør. Samtidig trur eg nok dei same målsoldatane er temmeleg klare over at språkmangfaldet i Noreg ville hatt dårlegare vilkår utan jamne slag ute i den politiske felten.

I LIKSKAP MED andre målorganisasjonar, stod Kringkastingsringen klar med kvesst argumentasjon då mållova skulle drøftast i kulturkomiteen i fjor haust. Adrenalinnet pumpa då vi gjennom tre intense minutt hamra ut våre beste skyts av fakta og forslag. Hovudlinja vår var at dagens teknologi gjer det lett å produsere nynorske og samiske undertekstar til filmar og strøymetenester, utan ekstra kostnad forutan sjølv omsettinga.

ORDET GJEKK VIDARE til neste talar, og vi kjende oss usikre. Fekk komitémedlemmane med seg kva som vart sagt, eller var hovuda deira allereie proppa etter å ha blitt pepira i timevis av ulike meningsyttrarar? Om dei fekk med seg innhaldet, var dei einige, uenige eller aller verst – likesæle?

Men då spørsmålsrunden kom, skjønte vi at Kringkastingsringen hadde gjort suksess. Vi fekk fleire spørsmål av typen: «Stemmer det verkeleg det de sa at...?»

DÅ KOMITÉARBEIDET VAR ferdigstilt tidlegare i år, smilte vi breitt då vi kunne lese følgjande komitémerknad:


«Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, merkar seg at svært få filmar, dataspel og strøymetenester er teksta på nynorsk. Fleirtalet meiner at i tråd med § 1 i språkløva og den språkpolitiske dimensjonen i mediepolitikken skal ein prioritere nynorsk tekst og tale der det er mogleg. Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser også til den språkteknologiske satsinga regjeringa foreslår i denne proposisjonen, og meiner det kan vere eit godt utgangspunkt for å få meir nynorsk teksting i digitale medium.»

VI TAKKAR DEMOKRATIET vårt, og bokfører dette som ein siger for språkmangfaldet i media.



VALDE NYNORSK: Fylkestinget i Møre og Romsdal har to gonger, etter initiativ frå fylkestingsrepresentantar, røysta over om fylkeskommunen skal gå bort frå nynorsk som administrasjonsspråk og heller bli språknøytral – i 2016 (biletet) og i 2021. Fylkestinget har valt å halda på nynorsk. Norsk Tidend sine stikkprøver frå andre nøytrale fylkeskommunar tyder på at nøytralitet i praksis inneber lite nynorsk.

Foto: Trond Vestre / NRK



Fleire **språknøytrale fylkeskommunar** har vedteke planar om å bruka nynorsk, men gjer det i liten grad. – Viktigare med klarspråk, seier kommunikasjons-sjefen i Innlandet.

Lite nynorsk i spr

GJENNOM REGIONREFORMA gjekk ein del nynorskbrukarar frå å vera ein liten minoritet i eige fylke til å bli ein endå mindre minoritet. Både i Vestfold og Telemark, Viken og Innlandet har fylke med nynorsk-kommunar og sterke nynorsktradisjonar slått seg saman med reine bokmålsfylke.

Den nye språkløva overlèt til språknøytrale fylke sjølve å avgjera kva reglar dei skal ha for målbruk. I dei fleste av fylka er det gjort politiske vedtak som sikrar at både bokmål og nynorsk i nokon grad skal brukast i administrasjonen i nyefyl-

ket. Men likevel er det knapt noko nynorsk å sjå på nettsida eller facebooksida til desse fylka, etter ein rask gjennomgang *Norsk Tidend* har gjort.

– Sjølv sagt at våre tilsette skal følgja norsk lov

Innlandet er eit av fylka som har ein plan for målbruk, nedfelt i kommunikasjonsstrategien, som er politisk vedteken. I tillegg til å poengtera at språkløva skal følgjast, seier strategien mellom anna at det skal [...] tilstrebes at begge målformer benyttes i skriftlig framstilling av saker og ekstern kommunikasjon.»

Men i fylkeskommunen sin tiltaksplan for kommunikasjonsarbeidet, som administrasjonen har utarbeidd, står det ingenting om at både bokmål og nynorsk skal brukast. Kommunikasjonssjef Halvor Løkken forklarar det med at lova uansett skal følgjast.

– Tiltaksplanen har ikkje nokre spesifikke tiltak knytt til auka bruk av nynorsk. Tiltaksplanen har i det hele teke få tiltak som seier at våre tilsette skal følgja norsk lov. Det bør vera sjølv sagt, og vil også gjelda for språkløva.

Tiltaksplanen til Innlandet fylke inneheld derimot tiltak som gjeld klart språk, og det har Løkken ei forklaring på.

– Vi i kommunikasjonsavdelinga har peikt særleg på utfordringane knytte til klarspråk, som vi meiner både er meir krevjande for oss som organisasjon og meir vidtgripande enn val av målform. Derfor er dette temaet særskilt nemnt i tiltaksplanen.

Halvor Løkken er klar på at han meiner arbeidet med klart språk er viktigare enn arbeidet med nynorsk.

– Språkløva gir klare føringar om



ADMINISTRATIV LEIAR: Halvor Løkken er kommunikasjonsjef i Innlandet fylkeskommune.

Foto: Jørgen Skaug

Heldigvis er våre to målformer så nærme kvarandre at dei aller fleste av oss forstår kva som blir sagt og skrive uavhengig av om det er brukt nynorsk eller bokmål.

Halvor Løkken,
kommunikasjonssjef i Innlandet

andre ting enn målform, og eg vil nok hevda at manglande klarspråk er eit langt større demokratiproblem enn nynorskprosenten hos det offentlege.

– Dette sitatet kan tyda på at dine synspunkt om kva som er viktigare enn anna – og synspunkt på kva som



NULL NYNORSK I TILTAKSPLANEN: Politikerane i Innlandet har vedteke planar for bruken av bokmål og nynorsk, men problemstillinga er ikkje nemnd med eit ord i tiltaksplanen for kommunikasjon, som er utarbeidd av administrasjonen. Kommunikasjonssjefen forklarar det med at dei tilsette uansett skal følgja lova. Foto: Lars Erik Skrefsrud / NRK

åknøytrale fylke

bør setjast opp mot kvarandre – er meir styrande for språkpraksisen i fylkeskommunen enn dei politiske vedtaka. Korleis vil du stilla deg til ein slik påstand?

– Dette blir feil tilnærming. Heldigvis er våre to målformer så nærme kvarandre at dei aller fleste av oss forstår kva som blir sagt og skrive uavhengig av om det er brukt nynorsk eller bokmål. Verre er det når språket blir så utydeleg at folk har vanskar med å forstå budskapet i det som blir kommunisert, ikkje minst dei mange som verken har nynorsk eller bokmål som morsmål. Derfor er arbeidet med klarspråk viktig, og tør eg meine, enda viktigare enn om ein tekst er på nynorsk eller bokmål. Eg kan ikkje sjå at dette er i strid med politiske vedtak, heller tvert imot. Det må vera mogleg å ha to tankar i hovudet samtidig.

– Ventar at administrasjonen følgjer opp

Norsk Tidend har lagt fram sitata frå kommunikasjonssjef

Halvor Løkken for fylkesordførar Even Aleksander Hagen (Ap) og varaordførar Aud Hove (Sp).

Hagen kommenterer dei slik:

– Vi er tydelege på at det skal tilstrebast at begge målformer brukast i skriftleg framstilling av saker og ekstern kommunikasjon. Innlandet er eit mangfaldig fylke, der fleirtalet av kommunane har valt bokmål, men med innslag av nynorsk i Gudbrandsdalen og Valdres. For oss politisk er det difor viktig å vareta begge målformer, og eg forventar at administrasjonen følgjer opp vedtaka våre. Det kjem eg til å ta opp i dialogen vi har med fylkeskommunedirektøren framover.

Hove stiller seg bak kommentaren frå Hagen, og legg til:

– Vi bør be om ei orientering på om praksisen med å svara i same målform er brukt, og korleis nettsidene blir utforma. Eg trur nok det er eit forholdsvis stort forbedringspotensial.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Dette seier andre fylke med nynorsk kommunar om målbruk:

Vestfold og Telemark:

Fylkestinget i Vestfold og Telemark fylkeskommune har vedteke ein språkbruksplan om mellom anna nynorsk. I dag er det lite nynorsk i kommunikasjons- og informasjonsverksemda til fylkeskommunen. Vi har som mål å jobba iherdig med å få opp nynorskbruken og etterleva det vedtaket som fylkeskommunen har vedteke, og har difor oppretta ei engasjementstilling for nynorskarbeid frå 1. mai.

Harald Haave,
kommunikasjonssjef

Viken:

Fylkesrådet si innstilling for språkpolitiske tiltak skal opp i fylkestinget seinare i vår. Det er innstilt på tiltak som skal sikra at både bokmål og nynorsk skal brukast i fylkeskommunen, og at det skal utviklast ein språkbruksplan etter at Stortinget har vedteke ny språklav.

Jan Ivar Bøe, spesialrådgjevar i stab for myndigheits- og mediekontakt

Agder:

Agder fylkeskommune har avventa behandlinga av den nye språklava. Lova vart vedteken 8. april, og no vil vi setja oss inn i konsekvensane av den nye lova og følgja opp dette i samband med språkarbeidet i fylkeskommunen.

Svein Buer,
avdelingsleiar for kommunikasjon

Rogaland:

Fylkestinget har vedteke tiltaksplan for nynorsk. På nettsidene er målet 25 prosent, og det er gjennomført fleire nynorsk kurs for medarbeidarane. Vi har av kapasitetsomsyn prioriterert å ha primært nytt stoff på nynorsk, men er ikkje i mål. Difor håpar vi å ha eit system for omsetting og kvalitets-sikring av bokmålstekstar til nynorsk på plass hausten 2021. Vi følgjer også opp punkta på tiltaksplanen som gjeld vidaregåande skule, knytt til motverking av språkskifte og digitale læremiddel.

Elisabeth Huse,
kommunikasjonssjef

Mellom 20. januar og 6. april fekk Noregs Mållag 354 390 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Lars Aasbø
Jorunn Rysstad Berg
Rolf Fredriksen
Hallgeir Gjelsvik
Jon Olav Gryting
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Knut K. Homme
John Gustav Johansen
Karl Kråkedal
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Gunvor Lande
Anne Liv Lidtveit
Jon Kolbjørn Lindset
Målfrid Mejlænder-Larsen
Kåre Mogstad
Tarald Myrum
Ragnhild Olavsdotter
Nomeland
Rune Nylund
Signe Alise Olstad
Sigrid Bjørg Ramse
Kari Gerd Riisland
Øystein Rød
Hildegunn Sjø
Johannes G. Torstveit
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Vellene
Olav Torj Åkre

AUSTMANNA- LAGET

Ole Bjerke
Anders Bjørge
Else Petra Borkhus
Jon Steinar Bredeveien
Arne Brimi
Ivar Bungum
Bjørn Dalen
Tor Johannes Einbu
Ingvild Marie Eknes
Torhild Ekre
Hans Enstad
Frøde Erstad
Harald Ove Foss
Anders G. Fretheim
Randi Therese Garmo
Berit Gonnæs
Kjell Gulbrandsen
Olav Haraldseid
Solfrid M. Harildstad
Magnhild Harsheim
Bjarte Hole
Ola Holen
Gunn Strømsøyen
Hvamstad
Dag Johansen
Per Rolf Johnsen
Ola Jonsmoen
Kari Jægersletten
Eldbjørg R. Kalbakk
Harald Kleppe
Inger Margrethe
Kyllingstad
Grete Langodden
Magnhild Enger Lia
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Torgunn Holm
Maurset
Anne Midtbø
Asbjørn Myrvang
Sylvi Nes
Sigurd Nestande
Øyvind Nordli
Jøgrim Nordsletten
Jørgen Norheim
Olaf Nøkleby
Jørgen Nørstegard

Ola Magne Robøle
Oddvar Romundset
Magne Rydland
Ivar Schjølberg
Gudrun Silli
Jakup Skjedsvoll
Egil Skullerud
Arne Skuterud
Arne I. Skåle
Bjørn Otter Skåret
Nils Steinar Slapgård
Bjørn Solberg
Inger Kirsten Stagrim
Arne Sund
Odd Arne Svæet
Mogunn Synstnes
Sverre Sørbø
Kjetil Vistad
Olav Teppen
Rolf Theil
Lars Ullgren
Olav Veka
Magne Velure
Frøde Vestrheim
Berit Østmoen
Rolv Kristen Øygard
Bjarne Øygarden
Olaug Aaberge
Brynjulf Aartun
Reidar Åsgård

BUSKERUD MÅLLAG

Bente Aamotsbakken
John-Ragnar Kvam
Aarset
Audun Aasmundtveit
Niri Baklid
Maria Høgetveit Berg
Tor O. Bergum
Einar Brattegard
Herbjørn Brennhovd
Per Drabløs
Jan Fekjan
Sigurd Fjose
Sigrid Hjelman
Lars Erik Jacobsen
Frøde Kinserdal
Gunn Kirkebøen
Sylfest Laingen
Randi Birgitte Lien
Kristin Lindberg
Osvold Medhus
Ingunn Asperheim
Nestegard
Odd Oleivsgard
Arne Ommedal
Halle Perstølen
Gro Randen
Kari Roe
Ola Ruud
Knut H. Skrindo
Einride Tinjar
Knut S. Torsteinsrud
Sigrun Torsteinsrud
Anders Olav Vøllo
Olav Vøllo
Petter Øijord

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Tom Roger Aadland
Solveig Fiskvik Aamodt
Reidar Aasgaard
Olaf Almenningen
Ruth Amdahl
Gurid Aga Askeland
Børre Austmann
Jostein Bernhardsen
Anfinn Bernaas
Elen Betanzo
Rakel Bjerke
Reidar Bjørnerheim
Erlend Bleie

Reidar Borgstrøm
Hæge Marie Roholdt
Brunvatne
Karen Bø
Tormod Bønes
Harald Dyrkorn
Hans Olav Eggestad
Tove Karina
Eidhammer
Kirsten Osmo Eriksen
Solveig Barratt Erstad
Liv Flugsrud
Erling Folkvord
Kim S. Fureli
Haldor Fykse
Tor Gabrielsen
Kåre Glette
Tom Kristian Grimsrud
Jostein Grønset
Oddrun Grønvik
Erik Hardeng
Trond Haukeland
Øystein Havrevoll
Anna Sigridsdatter
Heen

Ola M. Heide
Mildrid Helland
Botolv Helleland
Edvard Hoem
Halldor Hoftun
Valborg Holten
Kjetil Torggrim Homme
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein
Høgåsen
Ingeborg Hauge
Høyland
Ingeborg Digernes
Istad
Nils Norman Iversen
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø
Turid Louise Quamme
Kittilsen
Knut Kjelstadli
Harald Sverdrup Koht
Bård Kolltveit
Johs. Kolltveit
Dagrun Kvarmen
Edvard Lauen
Per Lea
Torhild Leira
Sveinung Lindaas
Tor Einar Ljønes
Anders Lunnan
Norvald Mo
Arnold Mundal
Lars Helge Myklebust
Finn Måge
Johan Nedregård
Solveig Nerol
Steinar Granmo Nilsen
Øystein Njål Nordang
Torgeir Ose
Svein Johann Ose
Anne Perstølen
Alain Egil Adrian
Ramdal
Benjamin Edillon
Reichle
Asbjørn Roaldset
Asbjørg Engebø Rystad
Geir Kåre Sandsleth
Kari Rysst Seemann
Solve Selstø
Olav R. Skage
Gunnvor Fykse
Skirbekk
Synnøve Skjong
Sigrid Skålnes
Kåre Smeland
Sigrid Solheim
Einar Strømnes

Sissel L. Sæbø
Anne Joronn Sætre
Stig Sølvberg
Jostein Sønnesyn
Tordis Thorsen
Hans Tokvam
Asbjørn Tolsrød
Øystein Tormodsgard
Stein Tveite
Steinar Tveitnes
Johan Kristian Tønder
Helene Valvatne
Vebjørn Varlid
Alvhild Venås
Guri Vesaas
Jan Magne Vigdal
Lars Sigurdson Vikør
Kjetil Vistad
Jørgen Vogt
Ole Kristian Våge
Per Ivar Vaagland
Herlov Øverland
Kristen Øyen

HORDALAND MÅLLAG

Torunn Aarre
Olav Aas
Frøde Aase-Nilsen
Gunnstein Akselberg
Livar Aksnes
Audhild Aldal
Solveig Almås
Arne Andersen
Ingvard Andreassen
Arnfinn Jørgen Ansok
Erik Arneson
Anders Austefjord
Einar Bardal
Arild Berge
Olav Berge
Leidolv Berge
Håkon M. Berge
Marit Berge
Veslemøy Bergo
Eli Bergsvik
Kristen Bergsvik
Gitte Berland
Linn Elisabeth
Birkeland
Ingebjørg Birkeland
Ansgar Bjelland
Gunnar E. Bjotveit
Rannveig Bjørkum
Bjørn Bjørlykke
Reidun Bjørnberg
Asbjørn Bjørnset
Lars O. Bleie
Arne Brattabø
Reidar Bremerthun
Endre Otto Brunstad
Jostein Buene
Bjarne Buene
Magnar Bødal
Reidar Dale
Kristian Demmo
Olav Digernes
Kristian Djuvslund
Torbjørn Dyrvik
Jan-Egil Dyvik
Jan Ove Eide
Ingunn Eitrheim
Eirik Ingolf Eldøy
Yngve Endal
Øystein Erstad
Jofrid K. Espeland
Artur Farestveit
Arnold Farstad
Rune Fjeld
Arne Fjelde
Erling Fjærestad
Frøde Bjørn Forland
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Knut Martin Fylkesnes

Torill Føyen
Marianne Bergsjø
Gammelsæter
Jostein Gimmestad
Paul Kåre Gjuvslund
Lars Gjostein
Solveig Grønlien
Øystein Hageberg
Alvhild Halleraker
Berit Hernes
Oddlaug S. Hansen
Åshild Hauge
Arnfinn Hellevang
Aslak T. Helleve
Knut Johannes Helvik
Linn Hjartnes Henjum
Kåre Herfindal
Berit Hernes
Kjartan Hernes
Eli Hillersøy
Anne Marta Hillesøy
Marit Hjartåker
Grete Oline Hole
Karl Johan Holmås
Karl Hope
Helge Hopland
Ingvild Hovland
Bjørn Husefest
Bjarte Husum
Geir Håland
Geir Instanes
Reidar Instanes
Johanne Telnes
Instanes
Else Jerdal
Aslaug Garnes Johnsen
Ingvild Jøsendal
Egil Jøsendal
Randi Jåstad
Solveig Katle
Folke Kjelleberg
Agnar Kleppe
Vigdis Marie Knudsen
Norvald Kobbeltvedt
Terje Kollbotn
Halldor Krogh
Olaug Kråkevik
Magne Kvæven
Ane Landøy
Torfinn Langelid
Caroline Lehmann
Vidar Lehmann
Marit Schmidt Lie
Torun Lyssand
Torstein Løning
Jan Egil Mandelid
Frøde Mannsåker
Margunn Melkersen
Guro Midthun
Hallgeir Mjåtveit
Leif Bjørn Monsen
Svanhild Monstad
Marit Mulelid
Jan Myklebust
Jostein Mykletun
Einar Myrset
Nils Mæhle
Eldbjørg Møllerup
Johannes A. Måge
Bjørn Odlaug Måge
Amund Måge
Marit Nedreli
Eli Karin Nerhus
Gunnvor Ness
Lorens Nesse
Arne Olav Nilsen
Øyvind Nitter
Øyvind Per Norang
Randi Nordjord
Helge Martin Nygård
Egil Nysæter
Gunnvor Eggebo Næss
Sigfrid Rogne Naasen
Jorunn Odland
Odd Jøran Oldervik

Åse Opheim
Randi Elisabeth
Oppedal
Anfinn Otterå
Kjell Paulsen
Johnny Ottar Pedersen
Gunnbjørg Raudstein
Rannveig Reigstad
Astrid Oddbjørg
Reigstad
Berit Reinsaas
Borgny Reisæter
Kjetil Revheim
Lars Riise
Jorunn Ripel
Gudrun Rosseland
Iselin Groven Ruud
Ann Kathrin Røssland
Håkon Sagen
Inger Marie Saltnes
Lars K. Sandven
Solbjørg Åmdal
Sandvik
Helge Sandøy
Heidi Seilfaldet
Torbjørn Seim
Arnfinn Seim
Liv Sekse
Ingebjørg Sekse
Mons Ole Dyvik
Sellevold
Bjarne Skarestad
Olav Johannes Skeie
Gunvald Skeiseid
Gunnar Skirbekk
Arne Skjervén
Bjarne Skjold
Øystein Skjæveland
Atle Skorpen
Harald Skorpen
Oddvar Skre
Anne Marie Skurtveit
Elin Skaatun
Jostein Småbrekke
Erling Småland
Harry Solberg
Turid Solberg
Asbjørn Solberg
Ragnhild Edith
Solvang
Halldis Spilde
Idar Stegane
Nora Henden Stegane
Arjen L H Stolk
Nelly Storebø
Gerhard Inge Storebø
Thea Sunde
Åshild Sveinsgjerd
Kurt Svensson
Christer Syltøy
Ingebjørg Dønhaug
Sæbø
Anne Sæland
Borgny Særsten
Olav Søfteland
Arne Søyland
Øyvind Teigen
Erling Thu
Knut J. Tokheim
Svanhild Toppe
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Borghild Laupsa Torvik
Siv Trædal
Rune Tveit
Odd Tøndel
Tora Tønder
Bjørn Tøsdal
Harald Ulland
Oddbjørg Ulveseth
Terje Gerhard Valen
Brit Valland
Rigmor Nesheim
Vaular
Anders T Veland

Amund Velure
Randi Vengen
Jon O. Vevle
Inger-Marie Vika
Aud Liv Hole Vike
Inger B. Vikøren
Jarle Kåre Vindenes
Ingebjørg Viste
Agnes Råket Vågslid
Ragnhild Hagen Ystad
Jon Ystanes
Paula Ingelin
Hermichen Øen
Liv Astrid Økland
Nils Ivar Østerbø
Einar Øyre

KARMSUND MÅLLAG

Anne Elise Bakkevig
Asbjørn Djuv
Reidun Dyrseth
Steinar Eidhammer
Anne-Ma Eidhammer
Siri Eikemo
Dorthea Sofie Erøy
Grete Fedøy
Aud Grimstveit
Magne Haugsgjerd
Torill Borge Horneland
Olav Torfinn Jondahl
Svend Kjetland
Arne Langåker
Solveig Lunde
Marit Løvving
Jorid Myrset
Paul Mølstre
Agnar Ståle Naustdal
Johannes Ness
Lars Gunnar Oma
Marit Pedersen
Borghild Sævereide
Prestegård
Geir Ragnhildstveit
Helga Reinertsen
Trygve Sandvik
Knut Selsaas
Kjersti Simmenes
Njål Steinsland
John Ragnar Susort
Ernst Arne Sælevik
Jon Olav Tesdal
Kjell Tveit
Olav Øverland
Yngve Øvstedal
Peder Ådland

NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim
Jan Hana
Tore Moen
Siri Randers-Pehrson
Signe Petrine
Åbergsjord

NORDMØRE MÅLLAG

Magnar Almberg
Jon Kristian Aune
Ola Bræin
Styrkå Brørs
Petter Dahle
Arild Drøivoldsmo
Daniel Inge Dyrnes
Jon Bojer Godal
Sverre Hatle
Johan Sigmund
Heggem
Sigrunn Helset
Miriam Finset
Ingvaldsen
Tora Kjelleberg
Jorunn M. Kvendbø

Hanne Kvitberg
Albert Lervik
Øyvind Lyngås
Oddvar Moen
Finn Gunnar Oldervik
Henry Opland
Per Eilert Orten
Randi Settemsdal
Bergsvein Sjømæling
Rolv Sæter
Eirik S. Todal
Elen Maria Todal
Per Utne
Kolbjørn Ås

ROGALAND MÅLLAG

Sigmund Andersen
Aslaug Astad
Lars Bakka
Lars Egil Bakka
Ola Birkeland
Gjert Anders Saltskår
Bjerkevoll
Trygve Brandal
Geir Sverre Braut
John Breiland
Jan Egil Byberg
Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Ellen Einervoll
Lars Olav Fatland
Terje Fatland
Åse-Berit Fidjeland
Solveig Moe Fisketjønn
Ingrid Fiskaa
Ingrid Gjesdal
Endre Gjil
Sølvi Ona Gjøl
Rune Gramstad
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Ranveig Gudmestad
Vigdis Gullberg
Ola Hauge
Inge Haugland
Arne Haugvaldstad
Sverre Haver
Nils Nikolai Haugen
Havrevoll
Halvard Helseth
Tom Hetland
Rasmus Hidle
Liv Hopperstad
Kjellaug M. Hognestad
Arna Høyland
Terje Håland
Dag Ingebrigtsen
Magne Jakobsen
Arnstein Jonsbråten
Anne Martha Kalhovde
Gro Oddveig Kalvig
Steinar Kjosavik
Nils Ingvar Korsvoll
Herborg Kverneland
Olav Kvernenes
Reidar Kydland
Hallgeir Langeland
Svein Langvik
Mikkel Lid
Georg Løvbrekke
Lise Lunde Nilsen
Knut Norddal
Odd Magne Nordmark
Pernille Nylehn
Ingvar Olimstad
Jan Ommundsen
Åshild Osaland
Hjørdis Ravnås
Audun Rosland
Magne A. Roth
Atle Røe
Torhild L. Rørheim
Rolf Salte
Sigfrid Selsvik
Jostein Selvåg
Halldis Sjø
Wenche Skorge
Kåre Skår
Lars Slåttå
Wenche I. Sola
Tom Soma
Trond Spanne
Torgeir Spanne
Hans Spilde
Jon Stangeland
Marit Rommetveit
Staveland

Gaute Steinnes
Audun Steinnes
Inga Stokka
Olav O. Sukka
Inge Kristian Sunde
Odd Sigmund Sunnanå
Erling Arnold Tønseth
Svela
Einar Sæland
Marta Sætrenes
Hogne Sønnesyn
Svein Kåreson Søyland
Liv-Sigrid Taylor
Rigmor Tornes
Kåre Torvanger
Kurt Tunheim
Arnvid Tveit
Aslaug Marie Undheim
Ottar Vandvik
Astrid Apalset Vassbø
Arve Vedvik
Audun Vevatne
Alv Hermann Vistnes
Hege Wiik
Viggo Østebø
Tone Årtun

ROMSDAL MÅLLAG

Roger Aakernes
Ingar Aas
Henning Austigard
Dagrun Gjelsvik
Austigard
Petter Inge Bergheim
Leif Erik Bolsø
Oddny Eikebø
John Ekroll
Gunnar Ervik
Kolbjørn Norvall
Gaustad
Torhild Hanem
Øystein Hauge
Olav Hauge
Kåre Magne Holsbøvåg
Arnhold Digernes
Krøvel
Tor Kvadsheim
Einar M Langset
Martinus Leirvoll
Jofrid Alvild Moen
Kjell Arne Nakken
Jonn Jofred Nordbø
Gunnhild Austlid
Oppigard
Karen Os
Alf Rønstad
Marit Sandvik
Per Arne Skomsø
Svein Solbjørg
Oddmund Svarteberg
Ingar Sveen
Kjell Johan Vatne
Kathrin Villa

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Lise Aasen
Georg Arnestad
Helga Bakken
Bente Kvernevik
Berstad
Kjellaug Bjergene
Ole Georg Blikås
Gunnhild Børtnes
Nils Distad
Tor W. Eikemo
Annbjørg Eikenes
Kjell Erik Eldegard
Brynild Eri
Dag-Erik Eriksmoen
Kjellrun Hammes Espe
Johannes Flaten
Sverre N. Folkestad
Jan Martin Frislid
Rigmor Frøyen
Ottar Færøyvik
Asbjørn Geithus
Magnhild Gravdal
Leif Grinde
Olav Grov
Oddlaug Hammer
Andre Hamn
Margit Hovland Hamre
Oddstein Haugen
Ivar S. Haugland
Bjarne Havro
Anders Hegrenes

Astrid Jorunn Henden
Oddleiv Hjellum
Grethe Hjetland
Helga Hjetland
Ragnar Hove
Bjørn G. Hovland
Nils Husabø
Liv Husabø
Målfrid Husnes
Kari Zwijnenburg Huus
Reidun Bergitte
Håland
Marta Systad Iden
Sverre Indrehus
Ingunn Kandal
Odd Kinden
Harald Kirkebø
Lars Kjøde
Ola Kjørstad
Odd Jarle Kjørstad
Bente Kjørstad
Oddborg Hellebø
Klævold
Olina Kolbotn
Ragnhild-Lise Furnes
Korsvoll
Aage Kvendseth
Liv Janne Kvåle
Bjarne Kaarstad
Björg Ladehaug
Øystein Lavik
Jorunn Loftesnes
Rune Lotsberg
Grete Sofie Luggenes
Håkon Lundestad
Sigrunn Lundestad
Vidar Læg Reid
Terje Erik Moe
Knut Moen
Ragnhild Skogen
Molde
Johan Moldestad
Ragnhild Mork
Randi Bjørg Myklebust
Knut Ole Myren
Audun Normann
Nedrebø
Olav Nedrebø
Julie Kristine Ness
Astrid Marie Nistad
Odd Njøs
Brynild Kåra Lund
Notøy
Per Scott Olsen
Signe Marie Orvedal
Oddbjørn Ramstad
Jon Atle Ravnestad
Sæmund Kjetil Rindal
Bergljot Konglevoll
Rysjedal
Bjørn Rørtveit
Steinar Røyrvik
Margot Sande
Erling Sande
Jorunn Sandvik
Marta Kari Schawlann
Anders Skarestad
Einar Skeie
Jon Skjeldestad
Synneva Kolle Solheim
Marit Solheim
Kirsti Solheim Stegane
Irene Stokker
Geir Liavåg Strand
Bjarne Kjell Sunde
Sigrid Svartefoss
Målfrid Sværen
Gunnhild Systad
Harald Systad
Arne Søholt
Ståle Sørbotten
Ingrid Søyland
Jakob Thingnes
Ivar Jostein Tjugum
Solrun Ulalaland
Jens Vestrheim
Kari Vik
Jon Egil Vik
Mona Elin Solstad Vik
Lars Øyvind Vikesland
Øystein Vikesland
Oddhild A. Voll
Ingebjørg Voll
Magnar Wøien
Jarl Yndestad
Anne Lise Øvrebø
Vidar Åm
Sonja Aasen Årdal

SUNNMØRE MÅLLAG

Ottar Aashamar
Kristian Almås
Idun Schawlann
Barsnes
Ingunn Bergem
Elisabeth Birkeland
Dagfinn Bjørkedal
Berit Bjørlo
Oddhild Brandal
Bente Johanne Iversen
Breivik
Ole Arild Bø
Kari Elisabet Løvoll
Dalhus
Norunn Margrethe
Dimmen
Siv Dimmen
Marit Veiberg Eide
Oddrun Eidem
Lindis Eliassen
Knut Falk
Jostein G Farstad
Mård Torgeir
Fauskevåg
Lars Fivelstad
Einar Elling Flø
Gunn Berit Gjerde
Tore Gjære
Harald Grimstad
Øystein Grønmyr
Asbjørn Hatlehol
Jan Heltne
Jorunn H. Henriksen
Åse Elin Hole
Steinar Arne Holmeset
Reidun Hunnes
Ingrid Runde Huus
Ottar Kaldhol
Jørund Kile
Karl Georg Kirkreit
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøde
Synnøve Knotten
Gunnar Magne
Knutsen
Marit Kvammen
Einar Landmark
Eli Lannerholm
Odd Larsen
Arne Lerheim
Svein Linde
Olav Lyng
Bottolf Lødemel
Else Løndal
Marit Aakre Mjøs
Sølvi Woldsund Myrhol
Roger Nedreklepp
Trine Naadland
Lars Omenås
Barbro Ose
Bjørnar Osnes
Britt Oterholm
Vidar Parr
Lillian Ramnefjell
Karl Ramstad
Solveig Eldrid Risbakk
Olga Støylen Runde
Gunder Runde
Magnar Rønstad
Per Johann Sandbakk
Lena Landsverk Sande
Else Synnøve Skarbø
Gunnveig Marie Sollid
Skilbrei
Per Øyvind
Skotheimsvik
Jarle Solheim
Norlaug Stornes
Arnhold Sæther
Bastian Sætre
Harald Sørheim
Ingrun Sørås
Geir Steinar Tandstad
Per Svein Tandstad
Asbjørn Tryggstad
Randi Flem Ulvestad
Oddbjørg Vartdal
Jorun Våge Vestnes
Åse Irene Vestre
Eldrid Vik
Sveinung Walseth
Fredmøy Solny Wollen
Knut Ytterdal
Ingrid Aamdal
Inger Aarflot
Kjell Arne Årseth

TELEMARK MÅLLAG

Dag Aanderaa
Gunhild Berntsen
Lars Bjaadal
Halgeir Brekke
Olav Rune Djuve
Tjøstov Gunne Djuve
Gunhild T Dølen
Olav Felland
Norvald Fimreite
Gunlaug Fjellstad
Sigrid Fonnli
Sigrid Funnli
Oscar Johan Garnes
Hans Magne Gautefall
Torgeir Grimstveit
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Knut T. Haugen
Svanhild Haugen
Alice Jeanne
Haukelidsæter
Neri Hestetun
Ragnhild Hovda
Øystein Høgetveit
Hallgrim Høydal
Morten Støen Høyem
Margit Ims
Halvard Jansen
Arne-Birger Knapskog
Tove Kvaale
Olav E. Kaasa
Tove Løyland
Aud Manheim
Anette Langåsdaalen
Melby
Sigrun Garvik Moen
Ellen Bojer Nordstoga
Sigrid Marit Finnseth
Nykos
Jakob Olimstad
Inger Helene Olsnes
Sigmund Romtveit
Kari Rustberggård
Anne Ingebjørg Ruth
Børre Rønningen
Else Selman
Per Skaugset
Gunnor Solberg
Alv Halvor Straumstøyl
Olav Teigen
Bergljot Telnes
Olav Tho
Torkjell Tjønn
Kari Tveit
Alf Torbjørn Tveit
Tor Valle
Margit Verpe
Åshild Wingereid
Halvor Øygarden

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Nils Aarsæther
Per K. Bjørklund
Odd Borch
Terje B. Dahl
Knut O. Dale
Ingrid Dønnestad
Sveinung Eikeland
Bjarne Eilertsen
Reidun Espeseth
Ola Fosheim
Helga A. Fugllien
Ove Haugen
Ingunn Hommedal
Frank Tommy Jacobsen
Bjørn Vegard Johnsen
Bjørn Lerhol
Anders Lunde
Torodd Lybeck
Brita Siri Nesja
Nils Rogn
Marit Eltun Svendsen
Anne Ingeborg
Terningen
Per Gunnar Veltun
Ambjørg Westerheim
Magnor Wigdel

VEST-AGDER MÅLLAG

Tor Aas
Leiv Hartly Andreassen
Kjell Byremo
Anne-Berit Erfjord
Svein Harald Follerås

Arne Bjørdalsbakke
Oddrun Bjørgum
Arvid Bjørgum
Karl-Ove Bjørnstad
Håkon Bleken
Mathias Bruheim
Lars Daling
Olaug Denstadli
Ingrid Dørum
Jon Hanger Eggen
Anne Eldevik
Olav Engan
Tore Fagerhaug
Oddmund Farbregd
Helge Fiskaa
Asbjørn Folkvord
Kristian Johan
Fossheim
Arne A. Frisvoll
Ingebrigt Garberg
Anders Gjelsvik
Oddbjørn Gørsetbakk
Gunhild Grue
Anders Gustad
Kristoffer Haugum
Astrid Hoem
Arne Hov
Ola Huke
Modulf Husby
Målfrid Hyrve
Edvard Hægstad
Kjell Håve
Sigrid Haavik
Inger Sandvik Jarstein
Åke Junge
Turid Kjendlie
Olav Kuvås
Per Knut Kvande
Håkon Lasse Leira
Anne Leira
Jens Loddgard
Bjørn Lund
Lars Kolbjørn Moa
Håvard Moe
Tore Moen
Sverre Mikal Myklestad
Magne Måge
Gerd Opedal
Helge Raftveold
Herman Ranes
Kristian Risan
Narve Rognebakke
Helge Rypdal
Rutt Olden Skauge
Oddny Pauline Skeide
Åsmund Snøfugl
Ingebjørg Sogge
Odd Sigmund
Staverløkk
Arvid Syrstad
Per Johan Sæterbakk
Svein Bertil Sæther
Jan Sørås
Espen Tørset
Johan Vestrum
Harald Vik-Mo

VALDRES MÅLLAG

Kristian Berglund
Olav Gullik Bø
Inger Solveig Bøe
Jan Espeliødegård
Reidun Espeseth
Ola Fosheim
Helga A. Fugllien
Ove Haugen
Ingunn Hommedal
Frank Tommy Jacobsen
Bjørn Vegard Johnsen
Bjørn Lerhol
Anders Lunde
Torodd Lybeck
Brita Siri Nesja
Nils Rogn
Marit Eltun Svendsen
Anne Ingeborg
Terningen
Per Gunnar Veltun
Ambjørg Westerheim
Magnor Wigdel

VEST-AGDER MÅLLAG

Tor Aas
Leiv Hartly Andreassen
Kjell Byremo
Anne-Berit Erfjord
Svein Harald Follerås

Grete Forgard
Randi Lohndal Frestad
Vigleik Frigstad
Tor Marius Gauslaa
Astrid Marie Gavlen
Elisabeth Geheb
Gunnar J Greibrokk
Øyvind Grov
Berit Fiskaa Haugjord
Magne Heie
Anne Torhild
Hunsbedt
Kjell Erling Håland
Ola Reidar Haaland
Olav Torgny Hårtveit
Gudrun Haugen
Håvorsen
Oddvar Jakobsen
Solveig Katterås
Kirsti Lavold
Solveig Stallemo Lima
Tom Arnt Lindeland
Målfrid Lindeland
Kåre Messel
Gudlaug Nedreli
Rolf Ivar Ommundsen
Elfrid Ovedal
Nils Salvigsen
Bjørn Helene Slapgaard
Asbjørn Stallemo
Eva Haugen Sørgaard
Oddvar Sørlie
Gunnar Vollen
Ivar Åmlid

ØSTFOLD MÅLLAG

Kjetil Aasen
Asgeir Bjørkedal
Turid Folkestad
Gry Vågslid Gardsteig
Trine Lise Heilmann
Eiliv Herikstad
Arnstein Hjelde
Arne Kvernhusvik
Per Kristian Løkkevik
Gudni Haugen Nastad
Gunnar Ottne
Jan T. Pharo
Kjeld Qvortrup
Reidun Trandem
Jørn Egil Zøllner

YRKESMÅLLAG

Kjellfrid Bothun
Anne-Marie Botnen
Eggerud
Morten Elster
Kristian Hagestad
Sissel Hole
Eirik Holten
Mari Jonstad Leirhaug
Kjell Harald Lunde
Borge Otterlei
Ingrid Rasdal
Frode Ringheim
Njord V. Svendsen
Lars Helge Sørheim
Odd Einar Sørås
Harald Thune
Turid J. Thune
Sigrid Tyssen
Birger Valen
Bodvar Vandvik
Olav Vesaa
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELDE

Håvard Avelsgaard
Erling Balstad
Jan Gaute Buvik
Randi Einrem
Egil Andreas Helstad
Johannes Hjønnvåg
Martha Krossbakken
Sverre Kulstad
Herborg Lillebø
Gunnar Mjøs
Erling Nordheim
Liv-Marit H. Reitan
Petter Konrad Sandvik
Erling Stangnes
Åse Floa Steinrud
Gro Einrem Volseth

- 1 Kor lenge etter påska (første påskedag) kjem pinsen?
- 2 26. januar i år vart ein lei merkedag for pandemien. Kva var spesielt med den dagen?
- 3 Kva kjend krimdetektiv dukkar opp i boka *Mordet i prestegarden*?
- 4 For kva roman vann Olaug Nilssen Brageprisen i 2017?
- 5 Kva er namnet på Bodø-bandet som syng om «identitetsløse menn»?
- 6 Om du har ein turophobia, kva har du fobi mot då?
- 7 Kva var fødestaden til Hulda Bergersen, seinare Garborg?
- 8 Det nye romfartsprogrammet til NASA og gresk gudinne for jakt, skogen og dyra. Namnet?
- 9 Kva tyder det at ei plante er annueller?
- 10 Kva var mottoet til det spanske verdsriket?
- 11 Bibelsk person og teaterstykket basert på musikk av David Bowie. Kva er namnet?
- 12 Kva nyinnspelt film kjem på kino i år, og er basert på ein science-fiction-roman frå 1965?
- 13 Kva er namnet på dronen som NASA landa på Mars 18. februar i år?
- 14 Kva heiter den største kommunen i Noreg, målt etter areal?
- 15 Ekspresident Mahamadou Issoufou fekk nyleg Mo Ibrahim-prisen for afrikansk leiarskap, etter at han gav frå seg makta på fredeleg vis. I kva land?
- 16 Kva funksjon har bukspytt som blir danna i bukspyttkjertelen?
- 17 I kva Hollywood-film frå 2010 får me høyra «I Dovregubbens hall», spelt inn i ny drakt, til ein særskild dramatisk scene?
- 18 Danmark er einaste nordiske landet som syng på eige språk i Eurovision i år. Kva er songtittelen?
- 19 Kva fem land deler Noreg gruppe med i kvalifiseringa til VM i herrefotball 2022?
- 20 Er pangolinen eit pattedyr?



TINGINGSVERK: Sigmund Løvåsen frå Trysil skal mellom anna presentere eit heilt nytt tingsingsverk under *Dei nynorske festspela* i juni.

Foto: David Aasen

Sigmund Løvåsen er årets festspeldiktar

Sigmund Løvåsen er festspeldiktar på **Dei nynorske festspela** i 2021. I år som i fjor blir festspela i hovudsak gjennomført digitalt.

– **DET ER EI STOR ÆRE** å bli valt som festspeldiktar. Eg ser fram til å møte publikum i juni for å presentere nye tekstar og sjå tilbake på det eg har skapt i snart tjue år som forfattar, seier festspeldiktar Sigmund Løvåsen i ei pressemelding.

Løvåsen kjem frå Trysil, og debuterte med romanen *Nyrddinga* i 2003. Etter det har han gitt ut ei rekke romanar, skodespel og diktbøker. Løvåsen var òg leiar i Den norske Forfatterforening frå 2012 til 2017.

Til festspela i Ørsta og Volda skal Løvåsen mellom anna presentere eit heilt nytt tingsingsverk saman med komponistane og musikarane Erlend Apneseth og Frode Haltli.

I fjor vart store delar av festivalen i hovudsak gjennomført

digitalt, med nokre fysiske arrangement på hausten med mellom anna festspeldiktarane Odd Nordstoga og Stein Versto.

Arenaleiar på Aasentunet, Olav Øyehaug Opsvik, fortel at pandemien òg i år gjer at det blir ei utfordring å planleggje.

– Det er ikkje enkelt å planleggje festival i 2021 heller, men vi tek utgangspunkt i dei gjeldande rammene for arrangement og smittevernreglar, og går for ein nedskalert festival i juni, seier Opsvik.

NPK


Nye kryssordkrefter i Norsk Tidend

Norsk Tidend får ny kryssordmakar og takkar av **Laurits Killingbergtrø** etter heile 30 år i teneste.

LAURITS KILLINGBERGTRØ har bak seg eit langt yrkesliv som filolog og ordboksredaktør for *Norsk Ordbok*, med kryssordlagning som ein viktig hobby og ekstrasysse. Han har laga mykje kryssord på både bokmål og nynorsk, og hadde mellom anna lenge oppdrag for bladet *Familien*. For

Norsk Tidend har han vore kryssordansvarleg sidan 1991. No får han velfortent avløyning, 81 år gammal. Redaksjonen takkar Laurits Killingbergtrø hjarteleg for lang og tru teneste!

FRÅ OG MED dette nummeret ønskjer vi **Einar Søreide** velkommen som ny kryssordmakar. Han har òg svært lang erfaring med kryssord og leverer til både *Vest-Telemark Blad*, *Kringom* og *Norsk Barneblad*.



- 1 50. Ordet pinse kjem fra det greske ordet pentekosté, som tyder femti- ande
- 2 Tale på koronasemita i verda gjekk forbi 100 millionar
- 3 Miss Marple
- 4 Tung tids tale
- 5 Virkelig
- 6 Fobi mot ost
- 7 Stange i Hedmark
- 8 Artemis
- 9 Ho lever ein sesong
- 10 «Plus ultra» (endå lenger)
- 11 Lasarus
- 12 Dune
- 13 Perseverance
- 14 Kautokelino
- 15 Niger
- 16 Bidreg til nedbrytinga av føda i tar-
- 17 men
- 17 The Social Network
- 18 Øve os på hinanden
- 19 Tyrkia, Nederland, Montenegro, Lat-
- 20 via, og Gibraltar

OVER-SLAG		INDIR-EKTE-SKATT	KULT-HAND-LINGA	APP. GUT		NEPTUN-IUM KOMM.	EKSTRA-LØNNA KNELE		MERKE NO. BY	TREET FØRST		VIND LØYVE	FØRE BYGN.	KVAR-DAGS-LEGE	
ORD-TAK															
TRUMP															
STIVNE									NOTAT-ET KLØKTIG						
DYR															
						BÅT						PLAGG FANA-TIKAR			
				KØYR TIDL. KOMM.				TY-STYKKET TILTALE							
BIB. BROR TVINNA						PREP. GML. L.-MÅL					ELD-STAD MERKE			FISK	
TIRRE					SKADE YMSE		VEKST			GEVÆR TALET		FISK			
NAB.															
OPNE				TIDL. NM-LEIAR					FOR-STERK-AR						
							SLETTE TURMÅL					NO. FORF.+			
KVASSE			PØBEL						PLASS-ERTE		TRAMPE			SKRED-RAMMA BYGD	
BIB. DEL			STRENG												
ØYSTEIN SUNDE-BYGD		FLINK RENNE				VALUTA		KLAGE-SONG				GÅ NED NOVISE			
SNAUE								OVER-FALL RETN.			BÅT DOM-STOL				KANAL-OMRÅDE
EG. GUD					FERJE-LEIE NAB.				SCENE-STYKKET SLAG						
BREV									HYLLA MUNN-FULL				FASE ATOLL		
				AVKOM VASAR				DYR HIST. STAD				SMELTE KRYDD-ER		17.MAI-INN-SLAG	
KVINNE					FLATE-EINING-ANE	DRIKK				DOKU-MENT OTTEN					
GLATTE															
NIKKAR DISPO-NERE		NED-BØREN							BYGGER MED STEINAR				KONJ. MJØL-FANGAR		
						SKRÅ-NING		KISTER DONERE				I HARD-ANGER PREP.			
			SAM-SVAR						FISKAR						
KONJ.						KREA-TIV									
MANN															

NT LØYSING • Nr. 1–2021

RU	SE	A	AT	E	I	U	Å	F
M	Ø	R	B	A	N	K	A	L
R	O	C	K	E	S	T	J	E
L	O	M	T	I	T	E	S	K
S	P	R	I	N	T	A	R	E
O	R	D	Y	R	E	I	E	R
S	L	I	P	E	S	T	E	I
S	K	O	T	E	I	G	U	V
I	E	T	T	E	R	S	E	T
N	Ø	T	E	R	M	E	N	U
K	T	A	N	A	L	E	S	E
U	S	K	O	L	E	R	T	E
E	I	N	S	L	A	G	O	G
S	O	N	G	L	A	G	T	A
Ø	K	S	L	E	S	A	R	E
A	K	K	A	R	E	I	D	E
F	A	R	T	S	N	O	K	E
U	T	R	E	T	A	L	A	N

Vinnarar av kryssord nr. 1, 2021:

Åse-Berit Fidjeland, Tjørhom

Lars Fivelstad, Hellesylt

Sigrid Seim Halse, Mo i Rana

Send løysinga til:

Noregs Mållag

Lilletoget 1

0184 Oslo

eller e-post:

norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

Frist: 10. juni

Merk sendinga «Kryssord».
 Rett løysing kjem i neste utgåve.
 Tre vinnarar vert trekte ut og får
 ein fin premie.

Namn :

Adresse:

Postnummer/-stad:



BRIMIBUE

MODERNE TRADISJONSGASTRONOMI OG KVILE

BRIMIBUEHOTEL.NO | BRIMIBUE@BRIMILAND.NO | LOM



GUNNHILD SKJOLD
leiar i Norsk Målungdom

Hurra for språklova!!

EG MELDE MEG inn i Norsk Målungdom i 2012. Allereie da hadde vi venta ei god stund på språklova som blei varsla i stortingsmeldinga Mål og mening frå 2007–8. Faktisk har språklov vore ei politisk hovudprioritering i sju av dei åtte siste arbeidsprogramma våre.

LITE VISSTE VI at vi måtte vente i nesten 10 år til før lova skulle komme, men no er ho endeleg her. Etter lang ventetid og mange utsettingar har Stortinget vedtatt den første språklova vi har hatt i Noreg, og vi ropar høgt hurra! Det er spesielt gledeleg at eitt av føremåla med lova er å styrke nynorsk.

SAMSTUNDES SOM VI feirar den nye lova, trekker vi eit lite sukk fordi vi kunne hatt enda meir å feire. Vi hadde håpa at lova skulle gå enda lenger i å sikre rettane våre, og gi nynorsken eit enda større løft. I tillegg veit vi at språkrettane våre ikkje blir oppfylte i dag. Trass dette blir det ingen konsekvensar for å bryte språklova. Det held ikkje at føremålet er godt, når det ikkje blir følgt opp med konkrete og offensive tiltak for å oppnå det.

LIKEVEL ER DET mykje å feire. Dette er den første heilskaplege språklova vi har, og det er første gong det blir slått fast at norsk, både bokmål og nynorsk, er hovudspråk i Noreg, at dei samiske språka er urfolksspråk, og at alle desse skal styrkast og utviklast. I tillegg slår lova fast at både kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk skal vernast og fremjast.

SPRÅKLOVA HAR EIN viktig symbolverdi og bidrar til å løfte statusen til det norske språkmangfaldet. Det høyrest kanskje litt tørt ut å henge seg opp i paragrafar om kva språk tilsette i staten skal bruke, om du får eit brev på nynorsk eller bokmål, eller kor mange prosent nynorsk statsorgan skal bruke. Dette er viktig fordi lovgeving sørger for at vi som nynorskbrukarar får møte språket vårt oftare. Det gjer det lettare å vere nynorskbrukar.

FOR OSS SOM nynorskbrukarar betyr denne nye lova at fylkeskommunen skal svare oss på språket vårt, også om vi bur i eit bokmålsområde. Regionale statsorgan får krav om å bruke nynorsk, mandatet til Språkrådet blir lovfesta, og framtidige utgreingar og lover skal ta omsyn til korleis dei påverkar oss nynorskbrukarar. Summen av det er meir nynorsk i samfunnet rundt oss. Det er noko å rope hurra for. Derfor avsluttar eg med å seie:

Hurra for språklova – no må ho bli følgt!



NYNORSKFRAMTIDA: Oppe f.v., med klokka: Synne Vorkinn, Robin André Wullum, Arianrhod Engebø, Gaute Eiterjord, Svanhild Amdal Telnes, Eili Harboe, Jonas Økland, Karen Anna Kleppe, Amelia Gòmez Snerte og Per Åki Sigurdsson Kvikne.

Foto: Thor Håkon Wulstad / WMG Norway, Reidar Engesbak, Jonathan Vivaas Kise, privat, Julie Pike / Gyldendal, Ylva Catodotter Fyllingsnes, privat, Orthenheim Photography/Tekstlab, pressefoto

Unge nynorsktalent

Gjennom dei første månadane av 2021 har Norsk Målungdom, Nynorsk kultursentrum, Framtida.no og Daniel Kvammen kåra **10 unge nynorsktalent**.

KVAR VEKE HAR ein ny ung person, som skriv nynorsk, blitt trekt fram og gjort stas på. Men kva er eigentleg eit nynorsktalent, og kvifor har vi kåra dei?

Som del av målrørsla veit vi at det finst nynorskbrukarar over heile landet, og at dei finst i alle former, storleikar og typar. Det finst nynorskbrukande elevar, legar, bussjåførar, skodespelarar, butikktilsette, advokatar og politikarar. Vi brukar nynorsk på sosiale medium, på skulen, i sakspapir, i avisa og på handlelista, og vi er overalt.

Det er kanskje ikkje like tydeleg for dei som ikkje er ein del av målrørsla. Unge nynorskbrukarar kan i blant kjenne seg ganske åleine i eit bokmålsdominert land. Kanskje set ein også spørjeteikn ved kva framtid ein kan vente seg med nynorsken. Difor ville vi vise fram mangfaldet som finst av nynorskbrukarar der ute. Uansett om du lærer nynorsk som hovudmål eller sidemål, om du er med i rørsle eller ikkje, så er det nemleg noko vi alle treng: gode nynorskføredøme.

Det blir brått litt lettare å vere stolt nynorskbrukar når du ser at rapparen Kjartan Lauritzen har lagt ut eit innlegg på Instagram på nynorsk. Kanskje får du litt meir motivasjon for å lære nynorsk som sidemål når du skur på radioen og høyrer programmet til Arian på P3. Når du ser at nynorsken eignar seg godt til å skrive bøker og lesarbrev, slik som klimaaktivist Gaute Eiterjord, og til å bruke som artist, som Synne Vo, blir

det meir naturleg å sjå at du også kan bruke nynorsken din til det.

Dei er nokre av talenta vi har valt ut, men det finst sjølv sagt mange fleire der ute! Jury-leiar Daniel Kvammen hadde dette å seie om kåringa: «[Vi vil] visa at nynorsken ikkje berre er til for gretne, gamle skrotnissar, som sitt aleine på fjelltoppar, les tung litteratur, og hyttar med neven mot alt som er nytt. Det handlar om ungt blod, nye tankar og sterk gnist.»

*Vi vil visa at
nynorsken han
nye tankar og
sterk gnist.*

Daniel Kvammen,
juryleiar

Ein kan lese gode intervju med alle talenta på Framtida.no. Desse er dei unge talenta ein bør sjå opp for:

Synne Vorkinn (22): Artist og låtskrivar frå Lesja. Slått gjennom med poplåtar på nynorsk og dialekt, og funne stemma si på norsk i ein alder der mange vel engelsk.

Robin Leander Wullum (22): Politisk nestleiar i Skeiv Ungdom og student frå Trondheim. Bytte til nynorsk på ungdomsskulen og har funne ein identitet i språket.

Arianrhod Engebø (26): Programleiar i P3 frå Førde. Er å høyre på P3 måndag til torsdag

mellem 15 og 17. I 2019 vart ho kåra til årets unge radioprofil på Prix radio.

Gaute Eiterjord (25): Student og har arbeidd med klimasøksmålet i Høgsterett, frå Stavan-ger. Tidlegare leiar i Natur og Ungdom og forfattar av boka Klimaopprøret.

Svanhild Amdal Telnes (26): Forfattar og psykolog frå Seljord. Debuterte som forfattar med poesiboka *Om nettene brukar mor dråpeteljar* i 2018, som ho òg vart nominert til Tarjei Vesaas' debutantpris for.

Per Åki Sigurdsson Kvikne (26): Rappar frå Balestrand. Meir kjent under artistnamnet Kjartan Lauritzen. Står bak fleire store hitar dei siste åra, som Fredag, Nyte D og Fenomenet.

Amelia Gòmez Snerte (18): Elev på vidaregåande og held på med musikk og tekst, frå Hemsedal. Aktiv røyst i klimakampen og markerer seg i musikken.

Karen Anna Kleppe (24): Journalist i TV2, frå Kvinnherad. Jobbar no som TV 2 sin reporter i Troms og Finnmark. (Etter Karen Anna vart kåra til nynorsktalent, begynte ballen å rulle, som førte til at nynorskforbodet vart fjerna hjå TV2.)

Jonas Økland (22): Velferds- og likestillingsansvarleg i Norsk Studentorganisasjon (NSO) frå Bømlo. Leiar for Studentmållaget i Oslo og tidlegare leiar for BI-studentane.

Eili Harboe (26): Skodespelar frå Stavanger, kjent for filmar som kritikarroste *Thelma*, *Askeladden* og *Kyss meg for faen i helvete*. Roman debuterte i 2020 med *Tre meter med kniv*.

FRIDA PERNILLE MIKKELSEN
OG GUNNHILD SKJOLD

KRAMBUA

Paraply. Samanleggbar liten paraply med oransje logo. **Kr 390,-**

Cirkle K-krus inkludert kaffiavtale. Termokrus som gjev deg gratis kaffi på alle Cirkle K-stasjonar ut 2021. **Kr 349,-**

Berenett. I bomull.
Bli synleg i trafikken! **Kr 45,-**

Fat. Stilsikker logo på stilsikkert fat frå Verde-serien til Figgjo. Høveleg til både grill- og jolemat. Diameter 20 cm. **Kr 200,-**

Notatbok. «Gjennom ord blir verda stor». **Kr 180,-**

Pennal. Med teksten:
«Skriv nynorsk». **Kr 75,-**

Krus. «Nynorsk til meg, takk!» på Verde-koppen frå Figgjo og formgjevar Johan Verde. Ein klassikar med klassisk slagord! **Kr 200,-**

TILBOD! Fat + krus. Kr 330,-

Krus med trykket: *Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld.* Tarjei Vesaas, 1950. **Kr 180,-**

Krus med trykket: *Skogen stend, men han skifter sine tre.* Olav H. Hauge, 1965.
Kr 180,-

Bagasjelapp med logo
og fotografi. **Kr 60,-**

Ostehøvel i stål, oransje, fra Bjørklund.
Kr 200,-

Ostehøvel i stål, matt svart,
frå Bjørklund. **Kr 200,-**

Jakkemerke

«NyNorsk»
«Slepp nynorsken til»
«Gjennom ord blir verda stor»
«Takk, Ivar Aasen!»

Kr 10,- per stk., kr 50,- for 20 stk.

Aasen-panneband i ull. **Kr 200,-**



Send e-post med tinging til **krambua@nm.no**, ring til **23 00 29 30**, eller gå inn på **www.nm.no**. Sjå innom heimesida for andre tilbod.

Hugs at vi kan gå tom for somme artiklar. Det er såleis ikkje sikkert at du får alt du tingar.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

MÅLLAGET INFORMERER

HAR DU LEVERT SKATTE-MELDING FOR 2020?

Mållaget oppmodar alle om å sjekke om dei er registrerte med nynorsk i skattemeldinga. Ein del får nemleg meldinga på bokmål utan å tenkje over det.

– Skattemeldinga er ei svært konkret melding til styresmaktene frå oss språkbrukarar om at vi ikkje er så reint få nynorskbrukarar, og at det offentlege har eit ansvar for både bokmål og nynorsk, seier leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge.

Sjekk: norge.no/nn/oppdater-kontaktinformasjon og kryss av for nynorsk.

DIGITALT ELLER FYSISK ÅRSMØTE

Mange lokallag og fylkeslag må invitere til digitalt årsmøte i år. Noregs Mållag betalar for møterom opptil 50 personar hjå Whereby, men laga står fritt til å velje løysing sjølv. Kontakt oss for å tinge møtetid. Vi kan også hjelpe til med opplæring eller teknisk hjelp under møtet.

HELING FRÅ MÅLLAGET PÅ ÅRSMØTE

Til digitale årsmøte er det lett å invitere innleiarar frå sentralt hald. Noregs Mållag stiller gjerne med leiar eller andre styremedlemer. Er dette noko for ditt lag? Ta kontakt med organisasjonskonsulent Hege Lothe på telefon 92 64 83 48 eller hege.lothe@nm.no. Me arbeider med aktuelle målpolitiske og faglege føredrag som kan spelast av på både digitale og fysiske møte. Laga vil få informasjon om dette straks det er klart.

ÅRSMELDINGSSKJEMA

Frist for innsending av årsmeldingsskjema er i år utsett til **1. juli**. Skjema har leiar fått tilsendt, og det ligg til nedlasting på nettsidene til Mållaget.

MOMSKOMPENSASJON

Lokale mållag kan søkje om momskompensasjon. På nettsidene er det lagt ut søknadsskjema. Om lokallaget sender inn skjemaet og signert rekneskap med årsmeldinga, har vi alt vi treng

for vår samla momsrefusjonssøknad. Fristen er **1. august 2021**.

NB! Lag som ikkje er registrerte i frivilligregisteret, får søknaden avslegen. Dette er ikkje det same som å vere registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra.

SØK OM ORGANISASJONSMIDLAR!

Landsmøtet har sett av 300 000 kroner i organisasjonsmidlar som lokal- og fylkeslaga kan søkje om å få bruke i sitt lokale målarbeid. Det er styret som handsamar søknadene, og laga kan søkje gjennom heile året. På nettsidene finn de meir informasjon.

GODT FRAMMØTE PÅ DIGITALE SEMINAR

Denne våren har vi invitert inn til tre digitale seminar for tillitsvalde i lokallag og fylkesmållag. Det har vore særst godt frammøte på seminarane. Samla har det vore godt over 120 som har delteke. Det har vore eit breitt spekter av emne, frå økonomiarbeid, arbeid med språkbruksplanar i kommunane, korleis lage motivasjonsdag for lærarar til arbeid med å lage nynorske årbøker, hefte eller juleblad.



DIGITAL SUKSESS: Det har vore godt frammøte og god stemning på dei digitale seminarane til Mållaget i vår.

Tilsette:

Gro Morken Endresen, dagleg leiar, tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60, gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjonskonsulent, tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, økonomikonsulent, tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemålsskrivar, tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00, ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons- og organisasjonskonsulent, tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

Astrid Marie Grov, kommunikasjonsrådgjevar, tlf. 23 00 29 32 • 90 72 96 15, astrid.grov@nm.no

Marit Aakre Tennø, politisk rådgjevar, tlf. 45 47 17 16, marit.tenno@nm.no



NORSK MÅLUNGDOM

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 Oslo
Telefon: 23 00 29 40
E-post: norsk@malungdom.no

Kontonr.: 3450.65.48707

Leiar: Gunnhild Skjold, Telefon: 97 41 71 45 • 23 00 29 40, E-post: gunnhild@malungdom.no

Dagleg leiar: Frida Pernille Mikkelsen, Telefon: 48 24 87 47 • 23 00 29 40, E-post: norsk@malungdom.no



NOREGS MÅLLAG

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO
Telefon: 23 00 29 30
E-post: nm@nm.no

Kontoradresse: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Kontonr.: 3450.19.80058

Leiar: Peder Lofnes Hauge
Mobil: 95 12 26 89
E-post: peder.hauge@nm.no

2 ■ 2021 Norsk Tidend

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**

Prent: Nr1Trykk as
Opplag: 14 600
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonser:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsider: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 3 000,-
Halvsider: kr 5 000,-
Heilsider: kr 9 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 3 – 2021:
28. mai

Nr. 2 • april 2021

Norsk Tidend

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**

– **Nynorsk er eit språkleg frigjeringsprosjekt.**

Freddy André Øvstegård, stortingsrepresentant for SV frå Østfold, under ordskiftet om ny språkløp i Stortinget



Rolf Theil

Breie og smale mål

– **JÆI HØRER** att du ær fra Æidan-ger, fårr du snakker så brett!

For snart 70 år sidan låg eg på sjukehuset i Skien for å ta mand-lane. I grannesenga låg ein liten ski-ensgut. Ovanfor har eg herma det han sa – på det pene bymålet sitt – då eg fortalde kvar eg kom ifrå.

DETTE VAR FYRSTE gongen eg hørde meiningar om målet mitt. Eg hadde aldri tenkt over korso eg tala, for eg prata på same viset som foreldra mine, systera mi og leikekameratane mine. Det var òg fyrste gongen i mitt 6–7-årige liv at eg hørde nokon bruka ordet «brei» om språk. Men eg skjøna kva skiens-guten meinte: Eg snakka ikkje slik som han, og hans måte var betre.

MEN KVIFOR BLIR nokre måtar å tala på kalla breie? Kan talemål seiast å ha (1) «ei viss vidd ut til sidene målt på tvert av lengde- eller høgderetninga» eller å (2) «tøye

seg til alle kantar»? – for å sitera *Nynorskordboka*. Finst det òg *smale* talemål?

BOKMÅLSORDBOKA FORTEL AT «brei/bred» har ei tredje tyding som *Nynorskordboka* ikkje nemner, nemleg (3) «alminnelig, enkel», som i uttrykka «de brede lag av folket», «bred, folkelig underholdning» og ikkje minst «å snakke bredt» 'å snakke dialekt'. *Det Norske Akademis ordbok* opplyser at «bred» mellom anna tyder «folkelig; uraffinert; uny-ansert».

EG HAR LURA på om å tala breitt kunne henga i hop med uttrykk som «folkets brede lag», men ord-bøkene meiner noko anna. *Svenska Akademiens ordbok* (SAOB) skriv at «bred» blir nytta «om (uttalet af) språkljud och dylikt som uttalas med bred mun; särskilt om utprägladt bygdemålsfärgadt eller vulgärt uttal». Og sanneleg meiner

Norsk ordbok. *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skrift-målet* det same, og skriv at *breitt mål* er «talemål med mange ljodar som vert uttala med brei munnstode».

FINST DET FOLK som trur på ein skilnad mellom (a) talemål med mange ljodar som blir uttala med brei munnstode og (b) talemål med få slike ljodar – og at det det fyrste slaget kjem utor munnen på «den stora massan af folket, i motsats till de högre kultiverades fåtal» (for å herma SAOB ein gong til)? Gapar «dialektbrukarar» særskilt mykje når dei talar?

SNURPAR «DE HÖGRE kultiverades fåtal» leppene saman og snakkar med smal munn? Eg har aldri gått åt det før, men eg lyt sjå betre etter neste gong eg røder med eit eksemplar av arten.

ROLF THEIL

Snurpar «de högre kultiverades fåtal» leppene saman og snakkar med smal munn?